

# Årsmelding 2024

## Hareid sokn



Godkjent av Hareid sokneråd sak SR 03/25

*Meir himmel på jorda*



DEN NORSKE KIRKJA  
Hareid Sokn

# Innhald

1.	Saksliste årsmøtet .....	3
2.	Frå soknepresten: Annleislandet.....	4
3.	Hareid sokneråd og Hareid kyrkjelege fellesråd .....	6
3.1.	Kyrkja – ein stor kulturaktør.....	8
3.2.	Vedlikehaldsarbeid på kyrkjeorgelet er ferdig utført.....	9
3.3.	Drop-in-dåp er blitt ein tradisjon .....	10
3.4.	Nytilsette i staben .....	11
3.5.	Matkasseutdeling jula 2024 .....	11
3.6.	Tilsette og frivillige .....	13
3.7.	Soknerådet sine underutval 2024 .....	14
4.	Kyrkjeleg årsstatistikk.....	15
4.1.	Aldersfordeling for innbyggjarane i Hareid kommune .....	16
4.2.	Medlemskap DnK .....	16
4.3.	Gudsteneste- og nattverd deltaking .....	17
4.4.	Dåp .....	17
4.5.	Konfirmasjon .....	18
4.6.	Ekteskapsinngåing .....	19
4.7.	Gravferd.....	19
4.8.	Inn- og utmeldingar DnK .....	20
4.9.	Digitale aktivitetar i 2024 .....	21
5.	Gudstenestelivet .....	22
6.	Diakoniarbeidet.....	26
7.	Kyrkja og kyrkjegarden - Eigedomar .....	28
7.1.	Kyrkja .....	28
7.2.	Kyrkjegarden .....	29
7.3.	Kyrkjelydshuset .....	31
8.	Misjon & misjonsprosjektet .....	32
9.	Kyrkjemusikalsk arbeid.....	35
9.1.	Hareid Barnekantori .....	37
10.	Undervisning og trusopplæring.....	39
11.	Hareid frivilligsentral .....	44
11.1.	Oppgaver .....	46



11.2.	Aktiviteter.....	46
12.	Kyrkjelydshuset .....	48
12.1.	Renoveringsprosjekt.....	50
12.2.	Takk til alle bidragsytarar kyrkjelydshuset!.....	51
12.3.	Givarteneste til kyrkjelydshuset.....	52
12.4.	Korleis bli fast givar? .....	53
12.5.	Førebels økonomisk oversikt kyrkjelydshuset 2024 .....	54
13.	Økonomi: Førebels rekneskap og budsjett .....	55
14.	Kommunikasjon & kontakt.....	59
14.1.	Kyrkjesida i lokalavisa.....	59
14.2.	Heimeside og sosiale media .....	60

## 1. Saksliste årsmøtet

Årsmøte Hareid sokn, på kyrkjelydshuset søndag 16. mars 2025 kl 12.30.

1. Konstituering av årsmøtet
2. Årsmelding 2024 Hareid sokn
3. Førebels rekneskap og budsjett 2024
4. Orienteringar



*Foto: Erlend Friestad*



*Foto: Hareid sokn*



*Foto: Hareid sokn*



## 2. Frå soknepresten: Annleislandet

I veksling mellom ulike presteliv og ulike kyrkjelydar, står Hareid for meg meir og meir fram som 'annleislandet'. Ikkje fordi folket er så annleis – folk er folk med gleder og sorger, styrker og utfordringar. Ikkje fordi gudstenester eller gravferder eller vigsler er så annleis – dei følgjer kyrkja si ordning her som andre stader.

Men opplevinga mi er at eg aldri har erfart på same måte kor viktig *relasjonar* er for den tilknytinga folk får til kyrkja si. Sjølvsgart har eg også tidlegare vore klar over det – i teorien. Men å sjå i *praksis* kor mykje relasjon betyr for å senke tersklane inn i aktivitetar og kyrkjerom og kyrkjelydshus blir noko anna enn å meine det teoretisk.

Frå mitt perspektiv som har kome frå sidelina og har sett mange andre fasongar av kyrkjerøynda, er det både trusopplæringa og det kyrkjemusikalske arbeidet som demonstrerer dette. Sjølvsgart tenkjer eg det er viktig at også presten 'oppfører seg som folk', men det tar mange år før ein er ein del av bygda likevel. 'Presten' si rolle er tvitydig – oppgåva med også å vere den som kjem med dei mest uvelkomne bodskapa gir presten noko av det preget brannstasjonen har; vi vil ha den tilgjengeleg, men vonar vi slepp å nytte den. Sjølv om eg opplever det som eit stort privilegium å få erfare heile spennet frå dei store gleder til dei djupaste sorger i det å vandre i lag med menneske ved viktige krossvegar i livet, forventar eg ikkje same relasjon som dei i staben som 'høyrer til' frå langt tilbake.

Kyrkja er komen i same innsparrings-situasjon som så mange andre i samfunnet, og må sjå på nye måtar å organisere arbeidet. Eg veit at mange stader er dei fleste tilsette i kyrkelege stabar i same situasjon som meg – dei er ikkje vakse opp på staden, og har ikkje eit omfattande nettverk der. I ei slik røynd kan eg forstå tankegangen om at same oppgåvene kan gjerast av den same tilsette på endå fleire stader enn før som ei slags effektivisering, eller som handsrekking til stabar som manglar folk.

Men med røynda i Hareid, er faktoren 'relasjon' så mykje meir enn teori – den er sjølve nøkkelen som opnar for at ei mykje høgre prosent av ungar og ungdomar kan ha tryggleik for å vere med på det som skjer, for dei kjenner dei som driv arbeidet heilt frå dei var små. Foreldre veit at borna får noko godt. Besteforeldre gler seg over å sjå ungane utfalde seg i gudsteneste eller andre samlingar. Dei som våger seg frampå med sine musikalske gåver, veit dei får den beste drahjelpa dei kan få til å yte positivt.



Dette kan ikkje brekkast om utan konsekvensar. I annleislandet kan du ikkje legge vekk 'relasjon' som nøkkel i arbeid og tilknyting, og samstundes tru at det som har vore vil vare ved. Dette seier eg med enorm respekt og takksemd for arbeidet som så lenge har bore god frukt på Hareid.

Eg har ikkje nokon stad sett så mykje oppnådd med så få personalressursar som her.



**Meir himmel på jord:** Hareid kyrkje og prestestova står på middelaldergrunn. I snart 150 år (2027) har kyrkja strekt ein «himmel over bygda» som og er namnet på historieboka om kyrkje og kristenliv i Hareid som kom ut i 2023. Foto: Hareid sokn

Hareid, februar 2025

Lars Hartig-Tangedal  
-sokneprest i Hareid-



# 3. Hareid sokneråd og Hareid kyrkjelege fellesråd

Soknerådet er styringsorganet i vår kyrkjelyd og har det strategiske ansvaret for å vere kyrkje lokalt. Soknerådet vert valt kvart fjerde år. Inkludert kommunal representant blir soknerådet utvida til Hareid kyrkjelege fellesråd, som i hovudsak har ansvar for økonomi, kyrkjebygg og gravferdsforvaltning. Hareid kyrkjelege fellesråd er og arbeidsgjevar for dei tilsette, forutan prestane som prosten har ansvaret for.

## **Sokneråd/fellesråd perioden 2023-2027:**

Leiar	Stein B. Karstensen
Nestleiar	Sissel Anita Riise
Sekretær	Kyrkjeverje Bente Andreassen Pilskog
Medlem	Leidulv Hareide, Karsten Robert Kirkebø, Sissel Janka Knardal, Elisabeth Øvreliid, Elling Bjåstad, Marit J. Øien Sæverud
Varamedlem	Anne-Liv Holstad (1. vara som møter fast), Birte Mork Fure, Aud Helen Tjervåg, Vibeke Rafteseth, Marita Husøy Mork
Geistleg repr.	Sokneprest i Hareid
Geistleg vararep.	Sokneprest i Ulstein

Hareid kommune sin representant i Hareid kyrkjeleg fellesråd: Bernt Brandal (ordførar)  
Kommunal vararepresentant: Oskar Grimstad (varaordførar)

Prosten leier prestetenesta i prostiet og er nærmeste overordna for prestane.

Hareid sokn får tilskot til kateket og trusopplærings-stilling. Tilskotet utgjer 50 % av lønskostnadane til desse stillingane og arbeidet skjer etter ein godkjent plan.

## **Møteverksemد**

Hareid sokneråd/kyrkjelege fellesråd har hatt 7 møter i 2024, og handsama 41 fellesrådssaker og 32 soknerådssaker. Møta er opne for tilhøyrarar. I tillegg har soknet fleire aktive underutval der soknerådsmedlemmane er fordelt i dei ulike underutvala.

## **Årsmøte 2024**

Årsmøtet vart halden på kyrkjelydshuset laurdag 13. april 2024, kl 16.00-18.15, i etterkant av Superlaurdag kl 13. Blitt ein tradisjon å halde årsmøte i samband med anna arrangement på kyrkjelydshuset, til inntekt for kyrkjelydshuset. Totalt 115 personar tok del på årsmøtet, men i forkant på Superlaurdag, var det også mange andre som tok del. Her var det mykje aktivitetar med samling, song, aktivitetar, tombola og grautsal. Eindel barnefamiliane tok og del på kafe og ansiktsmaling før dei forlot før årsmøtet starta, naturleg nok for då hadde dei vore der nokre timer. Staben organiserte mat til kafeen, musikkinnslaga og logistikken i høve kyrkjelydfesten. Soknerådet sin oppgåve i dag var å rydde salen etterpå og ta oppvasken på kjøkkenet.



Grimstadkoret starta årsmøtet med to innslag før sokneprest Lars Hartig-Tangedal heldt opning. Allsong på storskjerm, før Hareid barnekantori song tre songar for oss, stødig leia av Sissel Anita Riise og Ida Teige på flygelet.

Soknerådsleiar, Stein B. Karstensen, ønskja so velkomen til årsmøtet. Soknerådsleiar og kyrkjeverje Bente Andreassen Pilskog presenterte årsmeldinga vekselvis, og takka frivillige og stab for innsatsen gjennom året. Soknerådsleiar presenterte forenkla førebels rekneskap og budsjett. Kyrkjeverja orienterte om oppgraderingar som er gjort på kyrkjelydshuset gjennom året og om givartenesta. Treng gjerne fleire faste gjevarar (har 26 faste). Givarteneste-brosyre låg på borda i salen og folk blei oppmoda om å ta med brosyre.

Underhaldningsbolk midtvegs i presentasjonen av årsmeldinga med song v/Ingmar Mork, Vibeke og Hege Holstad og Ida Teige på flygel. Takk og enkel blomsterutdeling til avtroppende babysong og småbarnsong. Også ein takk til Eli-Sølv Jørnsson som er sluttar i staben og blitt pensjonist. Soknerådsleiar Stein B. Karstensen fekk ei gave då han hadde fylt 70 år. Ei rask trekning av vinnarane lynlodd, før prost Ingeborg Matre hadde ei helsing til kyrkjelyden i Hareid. Ho var imponert og takksam over arbeidet som gjerast på Hareid. Grimstadkoret song og sokneprest Lars Hartig-Tangedal gav oss velsigning før folk drog heim.



Frå kulturdag med årsmøte 13. april 2024. Foto: Hareid sokn



### 3.1. Kyrkja – ein stor kulturaktør

**Den norske kyrkja sitt arbeid innan kultur og kulturarv bidreg med verdiskaping på 4,3 milliardar kroner, kjem det fram av ein ny rapport.**

-Den norske kyrkja er ein landsdekkjande kulturaktør med bygg, kunst, instrument, musikarar, formidlarar og ikkje minst frivillige. Det er spennande for fyrste gong å sjå kva verdi dette har i kroner og øre for det norske samfunn, seier Harald Hegstad som er leiar i Kirkerådet.

Dei store summane kjem fram i ein fersk rapport (Rambøll Management Consulting) om folkekirkja si verdiskaping på kulturfeltet, som blei offentleggjort 14.11.2024 og er første i sitt slag. Kunst, musikk og kultur er viktige element i lokalsamfunnet. Dei skaper fellesskap, tilhørighet og beveger noko i oss mennesker. Rapporten løfter fram det store arbeidet som skjer rundt omkring i kyrkjelydane, og får fram kyrkja si rolle som formidlar og kulturaktør i lokalsamfunnet.

Av den totale verdiskapinga på 4,3 milliarder kroner, utgjer kyrkjebygg 3,3 milliarder og kyrkja sitt øvrige kulturarbeid rundt 1 milliard kvart år. Statsbudsjettet i 2022 sette av totalt 10 milliardar til kulturformål generelt, er det interessant at verdiskapinga av kyrkja sine kulturaktivitetar tilsvrar ein tiandedel av dette, påpeiker Hegstad.

Rapporten omfattar både musikk, språk, litteratur, samisk kulturliv, bygg, arkitektur, visuell kunst, turisme og kulturfrivilligkeit.



**KULTURBYGDA HAREID:** Mykje godt kulturelt arbeid skjer i kommunen vår og ikkje minst i kyrkja – her frå syng & spel jula inn med nokre av våre lokale korps. Foto: Hareid sokn



### 3.2. Vedlikehaldsarbeid på kyrkjeorgelet er ferdig utført

**Orgelet i Hareid kyrkje er bygd av Eduard Moser og Jakob Pieroth, Vestlandske Orgelverksted på Hareid, og blei innvigd 24. mai 1970. Dette er det andre orgelet i kyrkja, det første vart innvigd 23. november 1919 og måtte byttast ut grunna slitasje.**  
**Kyrkjeorgelet i Hareid kyrkje får regelmessig stemming annakvart år av orgelmeister Mathias Becker som også utfører tilsvarande arbeid på nokre av dei omkringliggjande kyrkjene. Sidan 2018 har det vore behov for ei større renovering av orgelet i Hareid kyrkje.**

Marginalt med midlar har gjort at arbeidet har blitt utsett i fleire år. Skadeomfanget vaks i takt med at åra gjekk, og kostnaden likeså. Driftsåret 2023 utløyste midlar på disposisjonsfond, og det vart difor gjort vedtak i fellesrådet (sak FR 09/24) om å prioritere vedlikehalds-arbeidet på kyrkjeorgelet. Nettokostnad kr 326.260, og momskompensasjon kr 81.564. Det vart søkt om støttemidlar hos fleire ulike aktørar, men avslag frå alle.

Planleggingsarbeid har vore gjort i tett dialog med orgelmeisteren og eit omfattande renoveringsarbeid vart utført i løpet av 5 sommarveker i 2024. Mellom anna hadde 23 piper så store skader at dei måtte transporterast til verkstad i Fredrikstad for omfattande reparasjon. I tillegg trengte nokre av pipene meir ventilasjon. Vår lokale handtverkar, Harry Røyset, fresa ut sprinklar i orgeldørene, sette netting på baksida og mala frontane (sjå bilde nedanfor). Dette var etter dialog med orgelmeisteren som vart svært nøgd med resultatet. Dette er og eit viktig tiltak som er med på å ivareta orgelpipene som er plassert der.

Med eit komande 150-årsjubileum for Hareid kyrkje (2027), og at vi er ei kulturygd der kyrkja er ein viktig kulturaktør - er fellesrådet takksam for at kyrkjeorgelet no har fått det vedlikehaldet som var nødvendig og at instrumentet ivaretakast for framtida.



**Meir lufting:** Nokre av orgelpipene har fått meir ventilasjon, med utfreste sprinklar i frontane.  
Arbeidet er flott utført av vår lokale handtverkar, Harry Røyset. Foto: Hareid sokn



### 3.3. Drop-in-dåp er blitt ein tradisjon

Heilt enkelt - like stort! Er du vaksen og har tenkt på å bli døypt? Vart dåpen for eit barn utsett av ulike grunnar? Konfirmant som vil bli døypt i god tid før konfirmasjon? Uansett grunn, hjarteleg velkommen til Drop-in-dåp i Hareid kyrkje. Du treng berre å møte opp med legitimasjon, så ordnar vi resten. Låg terskel - og enkel og verdig seremoni.

For fjerde år på rad arrangerte vi drop-in-dåp. Torsdag 30. mai kl 1700 var det tilrettelagt for dåp i kyrkja. Å bli døypt i ein drop-in-dåp er heilt enkelt og like stort som å bli døypt i ein vanleg gudsteneste. Når det er drop-in-dåp brukar vi ei heilt enkel ramme for seremonien. Dåpen har ingen aldersgrense, både barn og vaksne kan døype seg. To ungdomar valte å nytte seg av tilbodet for drop-in-dåp denne gongen.



Døypefonten med dåpsvasskanna i Hareid kyrkje. Foto: Hareid sokn



### 3.4. Nytilsette i staben

Etter nesten 17 år i teneste for Den norske kyrkja, gjekk Eli-Sølv Jønsson av med pensjon 31.03.2024. Ho har hatt ei rolle som har utvikla seg over tid og vore ein viktig bidragsytar for kyrkja på Hareid. Ved avgang var stillinga fordelt på områda administrasjon, trusopplæring og arbeid inn mot kyrkjelydshuset.

I ny tilsetting var det naturleg å omorganisere. Annette Knudsen blei tilsett som kontormedarbeidar i 50 % stilling (frå 05.11.2024). Heidi-Beate Siring Grimstad blei tilsett som kyrkjelydspedagog i inntil 80 % stilling (frå 06.01.2025), herav 20 % som dekkast av Hareid KFUK/M då Heidi-Beate skal vere vaksenleiar for Hareid TenSing. Og 10 % skal dekkjast frå inntekter til kyrkjelydshuset for arbeid som gjerast for aktivitetar tilknytta kyrkjelydshuset. Vi er glad for å ha fått med både Annette og Heidi-Beate på laget, og ønskjer dei velkommen i staben og lukke til med viktige oppgåver!



**Nye fjes i staben:** Kontormedarbeidar (50 %) Annette Knudsen og kyrkjelydspedagog Heidi-Beate Siring Grimstad (inntil 80 %). Foto: Hareid sokn

### 3.5. Matkasseutdeling jula 2024

**Hareid frivilligsentral som eigast og driftast av Hareid sokn, delte ut matkasser til jul for dei som treng det for 5. året på rad. Bygdefolk blei oppmoda om å levere julegåver som vi kunne legge ved matkassene. Det var i år ein markant auke i behovet for matkasser, grunna auka levekostnadane generelt, og ikkje minst fleire flyktningar i Hareid.**

Det vart delt ut 87 matkasser, 300 mennesker fekk hjelp og det vart delt ut julegåver til alle borna. Heldigvis aukar også folk si vilje og ønskje om å hjelpe i takt med det auka behovet for matkasser.

Lag og organisasjonar på Hareid støtta oss også i år med ein god del pengar. Teftmidlar frå Sparebanken fekk vi gjennom Lions. Fylket støtta og med midlar øyremerka matkasseprosjektet. Nokre støtta privat, gjennom Spleis og på anna vis. Sparebank 1 stiftelsen sponsa med 200.000 kroner, øyremerka denne aktiviteten. Vi er heilt avhengig av hjelp og støtte til matinnkjøp- og sett pris på at så mange bidreg økonomisk. Vi fekk også inn mange heimestrikka gåver – både luer, genserar, selbuvottar, lestar, osv.



Frivillige knytt til frivilligsentralen, Hareid Sanitet og Lions, pakka julegåver, henta mat og fordele i matkassane og kørte ut med kassane. Alle som ville kunne ta kontakt for å få matkasse innan ein gitt frist, i tillegg samarbeidde frivilligsentralen med ulike lokale instansar for å finne ut kven som kunne trenge matkassar. Vi takkar alle som bidrog med dette viktige arbeidet i førjulstida – til nytte, glede og omsorg for kvarande!



**87 MATKASSER VART DELT UT TIL JUL:** Det vart mykje og godt engasjement for å hjelpe kvarande i alle ledd, i høve matkasser til jul. Her ser vi litt av varene som skal fordelast og pakkast. Foto: Hareid sokn

#### Om Sparebankstiftelsen:

SpareBank 1 Stiftelsen BV blei etablert i januar 2017 i høve fusjonen mellom SpareBank 1 BV og SpareBank 1 Nøtterøy-Tønsberg. Etter fusjon mellom SpareBank 1 Sørøst-Norge og SR-bank ASA i 2024 er stiftelsen nest største eigar i SpareBank 1 Sør-Norge ASA med ein eigarandel på 8,7%.

#### Formål:

Stiftelsen skal utøve forsvarleg forvaltning av dei midlar som stiftelsen besitter, og skal dele ut gåver til allmennytige formål. Stiftelsen har som formål å vere ein langsigktig og stabil eigar i SpareBank 1 Sør-Norge ASA og sikre at sparebanktradisjonar kan vidareførast i regionen.



## 3.6. Tilsette og frivillige

### Tilsette med Hareid kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar:

Kyrkjeverje:	Bente Andreassen Pilskog 100%
Kantor:	Ida Teige 100%
Kyrkjelydsmedarbeider (leiande):	Barbro Landmark 100%
Kyrkjelydsmedarbeider:	Heidi-Beate Siring Grimstad inntil 80 % (starta 06.01.2025)
Sekretær, trusopplæring, kyrkjelydshus:	Eli-Sølv Jønsson 100%, gjekk av med pensjon 31.03.24
Kontormedarbeidar:	Annette Knudsen 50 % (starta 05.11.2024)
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarb.: Dagleg leiar Hareid Frivilligsentral:	Anton Tonev 100 % Heidi Pedersen Kvalsvik, 100 %
Ekstrahjelp/vikarar:	<u>Kyrkjetenarar:</u> Odd Lykstad, Jørund Vatne Eriksen <u>Kyrkjegarden:</u> Bjarte Sunde. <u>Babysong:</u> Anvor Sukka <u>Orgel/piano:</u> Lidvar Grimstad, Ståle Helvig, Ingrid Nerhoel, Halvard Grimstad, Karen Turid Bjåstad, Barbro Torvik (gitar) <u>Trusopplæring:</u> Anne-Brit Sukka Tiriwa <u>Reinhaldar kyrkjelydshus:</u> Małgorzata Nawrocka

### Tilsette med Møre bispedøme som arbeidsgjevar:

Sokneprest i Hareid	Lars Hartig-Tangedal, 100 %
Sokneprest i Ulstein	Margit Lovise Holte 100 %
Kappelan i Ulstein	Mirjam Håland Igland 100 %
Vikarprestar	Leidulv Ø. Grimstad, Rolf Schanke Eikum, Finn Ove Kaldhol, Stein B. Karstensen

### Likestilling, integrasjon og mangfold:

Vi har 6 årsverk med Hareid kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar, der eine stillinga er leiar av Hareid Frivilligsentral som Hareid sokn eig og driv. Vi har 1 årsverk med Møre bispedøme som arbeidsgjevar. Tilsaman 7 fast tilsette, herav ei deltids-stilling, 5 kvinner og 2 menn.  
1 timesinnleidt mannleg vikar (pensjonist). Ein tilsett med innvandrarbakgrunn. Ingen tilsette med nedsett funksjonsevne.

### Frivillige i gudstenester:

Klokkarar	Bjørg Vartdal Hareide, Ulrike Hartig-Tangedal, Turid Engen, Kjersti Røyset Toppol
Medhjelparar	Marit Øien Sæverud, Eli Sølv Jønsson Cathrin Duweh, Sissel Anita Riise
Kyrkevertar	Leidulv Hareide, Wenche Iren Roppen, Anne-Liv Holstad, Kari Janne Ringstad, Bård Grimstad, Karsten Robert Kirkebø, Anne Helen Grimstad Worren, Hege Tretnes, Stein Bernhard Karstensen, Reidun Melhus, Toril Sæter, Unni Apelseth
Ansvar for lyd- og bilde	Arne Kåre Toppol, Christoffer Bakkely, Hans Otto Brekke, Elling Bjåstad, Grunde Grimstad
Blomar til gudstenestar	Ingunn Mork Grimstad og Hilde Landmark

I tillegg er det svært mange andre som også gjer ein verdifull innsats i og for kyrkjelyden vår.  
Vi ynskjer å rette ein STOR TAKK til alle desse!

Hareid, februar 2025

Stein B. Karstensen

Soknerådsleiar

Hareid, februar 2025

Bente Andreassen Pilskog

Kyrkjeverje



## 3.7. Soknerådet sine underutval 2024

### **Arbeidsutval:**

Leiar Stein B. Karstensen, Sissel Anita Riise, Marit Øien Sæverud (vara), sokneprest Lars Hartig-Tangedal, kyrkjeverje Bente Andreassen Pilskog (sekretær).

### **Administrasjonsutval:**

Leiar Stein B. Karstensen, Sissel Anita Riise, 1 representant frå dei tilsette er Barbro Landmark, kyrkjeverje Bente Andreassen Pilskog (sekretær).

### **Forhandlingsutval:**

Leiar Stein B. Karstensen, Sissel Anita Riise, kyrkjeverje Bente Andreassen Pilskog (sekretær).

### **Diakoniutval (m/kontakt i Kirkens SOS):**

Leiar Sissel Janka Knardal, Aud Helen Tjervåg, Gry Moe, Petra Bakkely, Lars Hartig-Tangedal (sokneprest) og Heidi Pedersen Kvalsvik (leiar Hareid Frivilligsentral).

Kontaktperson Kirkens SOS: Marit Øien Sæverud.

### **Eigedomsutval:**

Tidlegare kalt Kyrkje- og kyrkjegardsutval, men blei endra då det også inkluderer kyrkjelydshuset. Leiar Elling Bjåstad, Stein B Karstensen, Leidulv Hareide og Anton Tonev (kyrkje-tenar/gardsarbeidar). Kyrkjeverje Bente Andreassen Pilskog bistår ved behov i enkelte prosjekt.

### **Gudstenesteutval:**

For perioden 2023-2027 har vi ikkje eige gudstenesteutval, då soknerådet ikkje klarte å få kandidatar. Staben kører dette utvalet med sokneprest Lars Hartig-Tangedal som leiar.

### **Misjonsutval:**

Leiar Marit Øien Sæverud, Odd Lykstad og Gunmar Grimstad.

### **Kyrkjemusikalsk utval:**

Leiar Karsten Robert Kirkebø, Bård Grimstad, Ingmar Mork, Ingvill Kirkebø, Wenche Iren Roppen og Ida Teige (organist/kantor).

### **Undervisningsutval:**

Leiar Vibeke Rafteseth, Elisabeth Øvreliid, Kristin Leirbekk Husøy og Barbro Landmark (kyrkjelydspedagog).

### **Styret for Frivilligsentralen:**

**Frå Soknet:** Leiar Marita Husøy Mork, Bjørg Vartdal Hareide, Øyvind Grys Grimstad, Heidi Pedersen Kvalsvik (dagleg leiar av Frivilligsentralen) er sekretær. Vara: Grete Røyset Bakken, Ragnhild Strømmegjerde og Bjarte Sunde.

**Frå Brukt og Billig butikken:** Liv Berit Sæter, vara Torunn Haugen

**Frå frivillige lag og organisasjonar:** Ulstein og Hareid Lions v/Kjartan Kvalsvik, vara Bjarne Sukka.

**Verneombod:** Anton Tonev (ikkje iverksett, manglar pliktig kurs).



## 4. Kyrkjeleg årsstatistikk

**Statistikk kan lesast på mange måtar. Synkande tal seier at noko endrar seg. Kanskje har andre møtestader bidrege til å redusere at gudstenesta og kyrkjebakken var ein møtestad som dekka mange andre behov enn dei reint åndelege.**

Men statistikken fangar ikkje tydeleg opp overgangen frå at mange gjekk fast til gudsteneste kvar sundag, til at trusopplæringer sine mange gudstenester og andre samlingar no fører mange fleire gjennom året over dørstokkane til kyrkja enn det som før var vanleg. Kyrkja held på sin posisjon som umisseleg for store lag av folket – om enn på nye måtar.

Færre går jamleg til gudstenestene. Gudstenestane som samlar mest folk er dei med 'born i trusopplæringer' som særskilt inviterte. Born og ungdom er frimodig nattverdsdeltakande og får med seg dei vaksne. Vi ser som ein tendens dei siste tiåra at litt færre går fast kvar sundag, medan det totalt sett er fleire av kyrkjas medlemmar som går oftare til gudsteneste enn før. Dette trur vi har samanheng med born si deltaking i gudstenesta. Vi har og eit kyrkjelydshus (som vi tok over 31.10.2019), der det er mykje ulik og flott aktivitet gjennom året.




**JULENATT I STALLEN FØRSTE HELG I ADVENT:** Vi ønskjer å vere ei folkekyrkje som er til stede for bebruarane i Hareid kommune, både til kvardag og fest, i sorg og i glede. Ved å legge til rette våre ulike aktivitetar og kyrkjelege handlingar midt i alt som er, kan vi tilpasse oss der vi ser at det kan vere nødvendig. Slik må vi følgje med i samfunnsutviklinga for å vere ei truverdig kyrkje. Foto: Hareid sokn.



## 4.1. Aldersfordeling for innbyggjarane i Hareid kommune

Alder



ALDERSFORDELING: Befolking Hareid kommune pr 4. kvartal 2024. Kjelde: Statistisk sentralbyrå

## 4.2. Medlemskap DnK

I takt med at befolkninga får fleire innvandrarar, kryp medlemsprosenten noko ned, utan at det opplevast som nokon stor endring.

Årstalet	Innb. i Hareid	Medlem i DnK	Prosent
2015	5189	4049	78
2016	5185	4011	77,4
2017	5150	3979	77,3
2018	5155	3949	76,6
2019	5160	3929	76,1
2020	5175	3865	74,6
2021	5136	3817	74,3
2022	5177	3775	72,9
2023	5322	3748	70,4
2024	5350	3731	69,7



### 4.3. Gudsteneste- og nattverd deltaking

Årstal	Gj.sn. deltakere	Til saman på gudst.	Gudstenester (Søn/helligd)	Nattv-delt. (ant. gt.)
2012	145	9004	62	2582 (34)
2013	155	9455	61	2538 (36)
2014	152	8360	55	2801 (40)
2015	155	8835	57	2882 (37)
2016	-	-	68	2505 (40)
		(Tot. gudst.)	(Tot. gudst.)	
2017	158	10.754	68	2386 (36)
2018	158	9.314	59	2135 (38)
2019	140	9.348	67	2401 (38)
2020	64*	5.798*	90*	1088 (31)*
2021	62*	5.331*	86*	1105 (26)*
2022	105*	7.434*	71*	1583 (35)*
2023	109	7.567	69	1559 (32)
2024	107	7.494	70	1561 (36)

Frå og med 2017 viser tala alle gudstenester (inkl. dei utanom søn. og helligdagar).

\*Pandemien kom i mars 2020. (F.o.m. mars 2022 opphørte alle pandemi-restriksjonar).

### 4.4. Dåp

Mange av våre medlemar døyper borna sine. I tillegg kjem unge foreldre heim att til Hareid og døyper sine, sjølv om dei bur andre stader. Vi har óg døypt fleire eldre born og vaksne i seinare år, samt at vi har nokre frå andre trussamfunn som gjennom dåp vert lagt til. Torsdag kveld 30. mai kl 17-19 hadde vi Drop-in dåp i kyrkja for fjerde året på rad, der to ungdomar blei døypt.

Årstal	Tot. døypte	Tilhøyrande DnK*	Prosent
2012	45		
2013	30	41	73,2
2014	51	57	89,5
2015	34	43	79,1
2016	48	39	123,1
2017	57	50	114
2018	37	28	132,1



Årstad	<u>Tot. døypte</u>	<u>Heimehøyrande Hareid</u>	<u>Prosent</u>
2019	58	30	193,3
2020	45	32	140,6
2021	43	39	110,3
2022	45	36	125,0
2023	41	36	113,8
2024	37	23	160,8

\*Barn av foreldre som er medlem av Den norske kirke, blei rekna som tilhøyrande DnK ved fødsel. Fram til 1. oktober 2018 blei dette registrert automatisk i kyrkja sine registre på grunnlag av fødselsmeldingar frå Folkeregisteret. Sidan har tilhøyrande blitt registrert viss foreldra ønska det.

## 4.5. Konfirmasjon

Talet på konfirmerte vil naturleg nok regulere seg, då det kan vere stor variasjon i årskulla.

Årstad	Konfirmerte	Medlemmar	Prosent
2012	57		
2013	56	56	100
2014	55	57	96,5
2015	50	55	90,9
2016	49	49	100
2017	34	37	91,9
2018	56	58	96,6
2019	52	54	96,3
2020	37	42	88,1
2021	46	47	97,9
2022	38	42	90,5
2023	62	68	91,2
2024	43	52	82,7



Sjølve konfirmasjonsdagen, og lysmassa med konfirmantane. Foto: Hareid sokn



## 4.6. Ekteskapsinngåing

Årstal	Vigsler
2012	9
2013	11
2014	2
2015	10
2016	11
2017	6
2018	9
2019	5
2020	10
2021	11
2022	9
2023	9
2024	3



Foto: Den norske kyrkja

## 4.7. Gravferd

Årstal	Gravferder
2012	35
2013	53
2014	38
2015	33
2016	48
2017	47
2018	41
2019	55
2020	37
2021	53
2022	48
2023	41
2024	49



**GRAVFERD:** Vi tek farvel med den døde. Vi takkar for livet og overlét den døde til Gud.

Foto: Bente Andreassen Pilskog/Hareid sokn



## 4.8. Inn- og utmeldingar DnK

Innmeldingar via dåp er ikkje inkludert her, men kan sjåast under statistikktal for dåp.

Årstal	Innmeldingar	Utmeldingar
2012	0	4
2013	0	7
2014	1	18
2015	2	15
2016	2	11
2017	7	8
2018	1	9
2019	5	9
2020	0	7
2021	1	14
2022	2	17
2023	5	12
2024	4	5



Kyrkjetårnet på Hareid kyrkje. Foto: Hareid sokn

## 4.9. Digitale aktivitetar i 2024

**Våre ordinære gudstenester vert streama via TV-kanal til bebuarane på institusjonen Hadartun og på Hareid kyrkje si facebook-side, dette har vi gjort sidan pandemien kom i 2020. Dette er eit vedtak gjort av soknerådet.**

Ikkje alle har muligkeit eller høve til å kome til gudsteneste søndag formiddag, og vi har gode sjåartal på våre digitale sendingar på facebook. Vi har likevel ikkje inntrykk av at det er færre som kjem fysisk til gudstenestane grunna dei digitale sendingane, men heller at vi når fleire med bodskapet. Det er sjårarar både lokalt, men også frå ulike stadar i Norge som ser på gudstenestane våre - enten direkte eller på anna tidspunkt. Også frå utlandet har vi ein del sjårarar.

Dei 55 gudstenestane som blei direktesendt digitalt i 2024, er det i gjennomsnitt 80 som ser på delar (over 1 minutt) eller heile gudstenesta, tilsaman 1.325 sjåar-timar. Dette er kjekt å vite, følg oss gjerne!

Også gudstenestane frå andre lokasjoner blir streama; frå fjellet Alskleiva, innandørs frå ishavsskuta Aarvak, frå Kvitneset, frå leirstaden Holesanden og frå bedehusa i krinsane. Antal følgjarar på Hareid sokn si Facebook-side auka med 54 personar i 2024, som per 31.12.2024 viser 2485 følgjarar. Vi er også aktiv både på Instagram og på heimesida vår ([hareid.kyrkja.no](http://hareid.kyrkja.no)).



**ALLE GUDSTENESTANE BLIR STREAMA:** Her ser vi ein av fire teknikarar som går turnus i denne tenesta, Elling Bjåstad, som frå galleriet styrar teknikken til aktørar i kyrkja. Alt frå bilde, lyd og mikrofonar, powerpoint med salmetekstar på storskjerm og livesending til Hadartun på Hareid kyrkje si Facebookside som har mange følgjarar. Foto: Hareid sokn



## 5. Gudstenestelivet

**Gudstenesta er vårt kristne fellesskap, der vi samlar oss kring trua på Gud og Jesu Kristi oppstode - på tvers av alder, kunnskap og posisjon. Her kan vi alle kome som den vi er, og ta i mot av det Gud vil gi oss. Lokalsamfunnet vårt er mangfaldig, noko som er ei velsigning for kyrkja og heile Hareid. Dette mangfaldet kan vi også sjå gjennom gudtenestene våre, som har ulike former og uttrykk. Nokre er spesielt retta mot born, og nokre er retta mot ungdom eller vaksne.**



**GUDSTENESTE PÅ MELSHORNET:** Mange samlar seg til gudsteneste på Melshornet, der også Hjørungavåg Brass spelar for oss kvart år. Ein fin tradisjon. Foto: Hareid sokn

For perioden 2023-2027 har soknerådet valt å ikkje ha eige gudstenesteutval. Staben kører difor dette utvalet med sokneprest Lars Hartig-Tangedal som leiar. Sokneprest, kantor og kyrkjelydspdagog har jamnleg arbeidsmøtar for å planleggje komande gudstenester, som med alt anna arbeid som må planleggjast gjennom året.

Det har gjennom året vore gudstenester i Hareid kyrkje dei fleste søndagane. I forordninga frå biskop i Møre frå 2012, har vi følgande forordning i Hareid:

45 hovudgudstenester skal haldast på søn- og helgedagar i Hareid kyrkje.

2 ekstra hovudgudstenester blir halde ved behov på søn- og helgedagar i Hareid kyrkje.

13 kvardaggsgudstenester skal haldast i Hareid kyrkje.

I tillegg har soknerådet tilbake i tid vedtatt inntil 10 gudstenester per år som ikkje er forordna (andre gudstenester), der kyrkjelydspdagog er liturg og ulike aldersgrupper i trusopplæringa tek del. Soknerådet ønskja at kyrkjelyden skal ha tilbod om gudstenester kvar søndag.

Gudstenestene i kyrkja har vore streama på facebook, og vi veit at dei har blitt sett og sett pris på av mange. Det har i tillegg blitt gjennomført gudstenester på bedehusa i krinsane, Holesanden, Kvineset, Alskleiva og på Hadartun og Melshornet. Soknerådet vil rette ei stor takk til soknepresten og resten av staben, som har lagt ned eit sort arbeid for å få til alt dette. Takk også til alle som har stilt opp frivillig og delteke i gudstenestene.



**DÅP:** Mange av våre medlemmar døyper borna sine, i 2024 hadde vi 37 dåp i Hareid. Vi hadde også Drop-in dåp i kyrkja for fjerde året på rad, der to ungdomar blei døypt. Dette biletet viser eit lite born som blir døypt i kyrkja av sokneprest Lars Hartig-Tangedal. Foto: Hareid sokn



**FASTETIDA - Følgande program vart gjennomført i kyrkja onsdagane i fastetida 2024:**

14. februar Askeonsdagsgudsteneste. Song v/Eileen H. Brandal.
21. februar Tekstlesing frå Bibelen ved Oddvar Haugen og Lindis Eliassen.  
Song v/Ingrid Nerhoel.
28. februar Salmekveld i fastetida. Hjørungavåg Brass tok del med musikk. Bakerst i den nye salmeboka er der ei «Bøne-bok». Nokre av desse bønene las Turid Engen innimellan song, musikk og allsong. Ei forsongargruppe leie allsongen. Det vart høve til å gje ei gåve til det kyrkjemusikalske arbeidet. Enkel servering.
6. mars Verbalt v/sokneprest Lars Hartig-Tangedal. Song v/Grimstadkoret.
13. mars Solidaritet/ungdomsgudsteneste v/Hareid TenSing.
20. mars Påskevandring for vaksne.

Takk til alle som har bidrige og tatt del på desse samlingane.

**Andakter og overføring av gudstenester i kyrkja – til institusjon/Hadartun**

Soknet hadde tilsaman 83 andakter på Hadartun, kvar onsdag formiddag. Av desse var 43 i vinterhagen og 40 på skjerma avdeling. På sommaren var det anna kvar veke.

I tillegg hadde vi tre nattverds-gudstenester i vinterhagen. Vanlegvis v/sokneprest og organist, men nokre gongar treng vi vikarar. Vikar andakt: Turid Engen, Barbro Landmark, Leiv Arne Grimstad og Stein B. Karstensen. Vikar andakt sommar: Margit L. Holte og Mirjam H. Igland.

Vikar musikarar: Karen Turid A Bjåstad, Ståle Helvig, Ingrid Nerhoel og Barbro Torvik. Ein stor takk til desse. Målgruppa er bebarane, men også dagsenteret tek del og eventuelt andre besøkande på Hadartun.  
Arrangementa er ope for alle.



*Tilbod på Hadartun: Det har vore tradisjon for andakt på Hadartun i mange, mange år. Noko både bebarar og andre besøkande sett pris på. Foto: Hareid sokn*

## Årsstatistikk 2024

	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Gudstenestebesøk kun søn- og helligdag/snitt ant pers	8272/137	4461/67	3970/63	5245/99	5660/106	5961/106
Gudstenester kun søn- og helligdagar	60	67	63	53	53	56
Nattverdsdeltakande	2401	1088	1105	1583	1559	1561
Gudstenester med nattverd	38	31	26	35	32	36
Gudstenester i påska/besøkande i snitt	4/078	2/016	2/016	5/063	4/086	4/290
Kyrkjoffer, beløp totalt	271 339	169 408	175 069	209 846	248 218	296 386

*NB: Pandemien prega tala for 2020, 2021 og jan-mars 2022.*

### Gudstenesteoversikt 2024:

Søn- og helligdagar: 56 gudstenester

Utanom søn- og helligdagar: 14 gudstenester

Tilsaman: **70 gudtenester**



**KONFIRMANSGUDSTENESTER:** Konfirmasjonstida har samlingar gjennom 9 månadar der ein går igjennom og reflekterer over hovedelementa i den kristne trua. På konfirmasjonsdagen er det ei forbørnshandling for den einskilde. Dette er ein del av kyrkjelyden si trusopplæring der vi tek ansvar for det løftet vi gav saman med foreldra og fadrar ved døypefonten. Foto: Hareid sokn



## 6. Diakoniarbeidet

**Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste og evangeliet i handling. Den norske kyrkja sin plan for diakoni (2020) samanfattar dei diakonale utfordringane i fire arbeidsområde:**

**Nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Dette er utgangspunktet for Hareid kyrkje sitt diakoniarbeid og vår lokale diakoniplan. Nokre tiltak i diakoniplanen har Frivilligentralen eller andre ansvar for å gjennomføre.**

Soknepresten, som er med i Diakoniutvalet, er medlem i kommunen sin krisestab.

Diakoniutvalet kan vere tilgjengelege i ulike krisesituasjonar i kommunen. Visjonen for Den Norske Kyrkja sine diakonale tenester er: «Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjord gjennom liv og teneste». I løpet av året har utvalet hatt fire møter og organisert fleire arrangement.



**MINNEGUDSTENESTE ALLEHELGEN:** Gudstenesta er ope for alle, men pårørande til dei som har gått bort siste året blir spesielt inviterte. Foto: Hareid sokn

### Markering av krigen i Ukraina

24. februar vart det markert at det hadde gått to år sidan Russland gjekk til massiv invasjon av Ukraina. Det var samling på biblioteket på Hareid. Denne stunda vart avslutta med fakkeltog og open kyrkje. Det var rundt 100 frammøtte som tente lys og hadde ei stille stund i kyrkja. Medlemmar i diakoniutvalet hadde laga klart kyrkjerommet. Det vart også laga til bøtter utanfor kyrkja til å sløkke faklane i.



## **Måltid etter skjærtorsdagsgudstenesta**

Diakoniutvalet planla og gjennomførte måltidet etter skjærtorsdagsgudstenesta. Det var ei stille og enkel gudsteneste på kvelden i kyrkja. Soknepresten stod for liturgi og tale, og det vart lest tekster i frå bibelen.

Kvelden vart avslutta med fellesmåltid rundt langbord framme i kyrkja. Då hadde medlemmar i soknerådet baka bollar og kukt kaffi. Omlag 40 personar som vart att. Det var ei triveleg stund i godt fellesskap, før felles avslutning med avdekking av alteret og songen «fem raude roser».

## **Haustattakmiddag**

Det var søkt på midlar for å arrangere internasjonal middag. Det fekk vi ikkje, så vi valte å gjere det om til haustattakmiddag på kyrkjelydshuset. Diakoniutvalet kokte brennsnut og inntektene gjekk til kyrkjelydshuset. Omlag 50 selde porsjonar.

## **Minnegudsteneste 2. november**

Gudstenesta var open for alle, men pårørande til dei som har gått bort siste året vart spesielt inviterte. Det var ei gudstjeneste som skulle vere enkelt for folk å delta på. Det vart lest opp navna på dei som hadde falle frå, og det var tent lys for kvar enkelt. Det var også mulig å stoppe igjen etterpå. Det var servert kaffi og kake. Det var godt oppmøte og det var ein del som blei att ei stund.

Frivilligsentralen og dagleg leiar er sentral i det diakonale arbeidet i soknet. Meir om diakoniarbeidet er å lese i Frivilligsentralen si årsmelding.

## **Kirkens SOS**

Spesielt tida etter pandemien har stadfesta at dette er ei teneste det er stort behov for og som vi ynskjer å støtte vidare. Vi har tatt inn i revidert diakoniplan at Kirkens SOS skal få eit gudstenesteooffer årleg, og at det blir informert om tenesta i denne gudstenesta.

## **Medlemmer i diakoniutvalet:**

Lars Hartig-Tangedal (sokneprest), Heidi Pedersen Kvalsvik (dagleg leiar Hareid Frivilligsentral), Gry Moe, Petra Bakkely, Aud Helen Tjervåg Øvreliid og Sissel Knardal (leiar).

*Sissel Knardal*

*-leiar i diakoniutvalet-*



# 7. Kyrkja og kyrkjegarden - Eigedomar

**Kyrkja er ein stad vi møtast, feirar, sørger og berørast. Kyrkja i Hareid er ei folkekyrkje der alle er velkomne, og som bidreg til å gjere lokalsamfunnet til ein god stad å leve for mennesker i alle livsfasar. Det er viktig å ta vare på kyrkja og gjere nødvendig vedlikehald og tilpasningar som tener dagens aktivitetar i kyrkja. Hareid kyrkje er ei verneverdig (listeført) kyrkje frå 1877 i nygotisk stilart og vart vigsla 13. desember 1877. Kyrkja har 150-årsjubileum i 2027.**

I kyrkja samlast folk til ulike arrangement gjennom heile året. Kyrkja er også det rommet der dei fleste vil ta avskjed med dei døde. Kyrkja rommar høgtid og fest når par skal gifte seg. På kyrkjelydshus og kapeller samlast folk til møter og ulike typer frivillig aktivitet. Tusenvis av barn samlast i kyrkjer og kyrkjelydshus kvar veke til undervisning, kor og andre fritidstilbod.

## 7.1. Kyrkja

Dei siste åra har det vore gjort eindel renovering og byggeaktivitet i og rundt kyrkja, eit særsviktig arbeid for å i vareta eit verneverdig og kulturhistorisk bygg. Også i 2024 har det vore utført noko vedlikehaldsarbeid på kyrkja.



**HAREID KYRKJE:** Det er mykje aktivitet i kyrkja heile året. Foto: Hareid sokn

### **Luftfuktingsanlegget**

Orgelet, altertavla og anna interiør i kyrkja krev luftfuktigkeit mellom 40-60 % for å ikkje ta skade. Spesielt altertavla har eit skadeomfang tilbake i tid som tilseier at tiltak måtte iverksettast snarast råd! I høve renoveringsprosjektet i kyrkja blei det difor hausten 2023 montert luftfuktingsanlegg, levert av GK Inneklima. Arbeidet med å automatisere luftfuktingsanlegget var venta å bli ferdigstilt i 2024, v/Hareid Elektro som er i gang med å



samkøyre dette med varme-styringssystem frå Jeff System. Det viste seg å vere utfordrande å få dette samkøyrt, og det jobbast framleis med saka, for ferdigstilling i 2025.

#### **Overflatebehandling av kyrkjegolvet kvart 5. år**

Ei kyrkje som er mykje i bruk, får naturleg nok meir slitasje enn ei kyrkja som ikkje har så høg aktivitet som vår kyrkje. Det nye kyrkjegolvet bør med vårt aktivitetsnivå overflatebehandlast kvart 5. år. Etter vedtak i fellesrådet vart dette utført våren 2024 av Maritime Polarwood, same selskap som behandla golvet då det var nytt. Kostnad kr 47.000 (ekskl. mva). Årleg budsjetterte vedlikehaldsmidlar til kyrkja blei nytta til dette formålet.

#### **Utskifting av brista vindusglas på kyrkja**

Ref. sak FR 36/24, vedtok fellesrådet å skifte brista vindusglas på kyrkja for å unngå skade/råte, då det blir liggande vatn inni vinduskarmane når det bles og regnar samtidig. Saka fekk høg prioritet. Eigedomsutvalet henta inn tilbod og Ward1 fekk oppdraget og utførte eit grundig og viktig arbeid i november. 29 brista glas blei bytta, 8 farga glas blei limt og fleire vindu med løsna kitt blei reparert. Kostnad kr 48.300 (ekskl. mva).

Fellesrådet vedtok å prioritere midlar i budsjettet for 2025 til skraping, maling og kitting av resterande vinduer kyrkja (dei som ikkje blei behandla i november). Ba eigedomsutvalet hente inn konkret tilbod og leggje fram forslag til prioritering av arbeidet med vindua på kyrkja. Eigedomsutvalet vil og jobbe fram ei oversikt over framtidig vedlikehaldsbehov for kyrkja. Mellom anna må eine kyrkjeveggen (mot nord-aust) få utskifting av litt bordkle som er råten, og heile veggen treng å bli skrapa og mala.

#### **Hovuddøra til kyrkja**

Hovuddøra har lenge vore treig å opne og mykje kraft måtte nyttast for å opne døra. Dørkarm har blitt utbetra og blei lakka på nytt. Nøye og godt arbeidet vart utført av lokal snekkar Harry Røyset.

### **7.2. Kyrkjegarden**

**Gravplassen er ilag med kyrkjebygget ein sentral del av vår kulturarv og inngår i kulturlandskapet vårt. Gravplassane er viktige sted for ritualer, rekreasjon og stillheit. Den er også park, ein grøn lunge for ro og ettertanke.**

#### **Vårdugnad**

Utvalet har hatt to møter i 2024, eitt i januar og eitt i april. Begge møta gjaldt i hovudsak planlegginga av den årlege dugnaden på Hareid kyrkjegard. Dugnaden var laurdag 4. mai kl 10-14, med godt frammøte blant frivillige. Oppgåvene som blei utført under dugnaden var dei vanlege, inkludert raking av lauv, trimming av hekkar, rydding i bedd og langs kantar og passasjar. Totalt var vi om lag 20 personar som gjorde ein god innsats denne dagen, der vi og hadde ei fin felles matykt. Takk til alle som tok del!



I etterkant av vårdugnaden vart det ordna med bortkøyring og destruering av gamle gravstötter, og fire furuer som har stått for nær nabogrensa er skore ned.



**VÅRDUGNAD PÅ KYRKJEGARDEN:** Etter ein lang vinter er det mykje godt arbeid som blir utført under vårdugnaden, noko som gjer det lettare for kyrkjegardsarbeidaren å kome i gong og vedlikehalde vidare. Foto: Hareid sokn

### Oppbevaring av utstyr

Grunna plassmangel vart det sett i gang arbeid for å lage tak over oppstillingsplass ved sida av redskapshuset. Bjarte Sunde snekra eit flott tak og veggar med skyvedører, slik at vi har betre plass til å oppbevare ulikt materiell og utstyr. Arbeidet utførte han gratis som dugnad, materialekostnader tok Hareid sokn. Takk for super innsats, Bjarte!

### Nytt vedtak i høve maksimal høgde på gravminner

Utvalet har drøfta forslag om å redusere den maksimale høgda på gravminne, grunna ujamne grunnforhold og problem med tele og vatn i grunnen og difor fare for at gravminne kan velte. Innstillinga frå utvalet var å redusere den maksimale høgda frå 150 cm, som gjeld nasjonalt, til eit lokalt vedtak med maksimal høge på 90 cm. Dette vedtok soknerådet (SR 13/24).

### Nytt vedtak i høve urnefelt (S-felt) på nydelen av kyrkjegarden

Då etterspørseren etter urnegraver har vore aukande dei seinare åra, vedtok soknerådet (SR 17/24) at heile S-feltet på nydelen av kyrkjegarden kun skal vere eit urnefelt. Tidlegare har dette vore kombinert kistegraver og urnegraver, men ingen kister har sålangt blitt satt ned på dette feltet. Kvar urnegrav har plass til 4 urner.

### Nytt vedtak i høve reglement for plantefelt ved gravminner

Tid om anna får vi henvendingar om skader på fastmonterte element på eller ved sida av plantefelt og bedplater, som blomstervaser, lykter etc. Dette utan at vi kjenner til kva som har skjedd. Dersom våre tilsette er uheldig å skade noko, får kyrkjeverja beskjed og tek



kontakt med pårørende. Dette skjer svært sjeldan. Slike fastmonterte element står utsatt til, og må stå for pårørende si eige regning dersom skader oppstår. Difor anbefaler vi å unngå slike gjenstander. Soknerådet har vedtatt (SR 18/24) at det er pårørende sitt eige ansvar dersom skade på fastmonterte eller lause gjenstander som er plassert på eller utanfor bedplate ved gravminner på Hareid kyrkjegard.

### **Brannøving**

Utvalet har diskutert behovet for gjennomføring av ei brannøving i kyrkja i løpet av hausten 2024. Dette vart utsett, og står på blokka for 2025.

### **7.3. Kyrkjelydshuset**

«Kyrke og kyrkjegardsutvalet» endra namn i 2024 til «Eigdomsutvalet» då utvalet også vil omfamne kyrkjelydshuset som soknet tok over 31.10.2019. Utvalet har planar om at lisjesalen i 1. etasje skal renoverast våren 2025. Og etterkvart kanskje nye stolar og bord i salane. Les meir om kyrkjelydshuset i eige kapittel side 48.



**LIV, LYS OG LATTER:** Frå familiejulefest på kyrkjelydshuset, her med Knøttekoret. Foto: Hareid sokn

#### **Medlemmer i eigdomsutvalet:**

Elling Bjåstad (leiar), Leidulv Hareide, Stein Karstensen og Anton Tonev (kyrkjetenar/gardsarbeidar).

*Elling Bjåstad  
-leiar i eigdomsutvalet-*



# 8. Misjon & misjonsprosjektet

**Misjon er ein del av kyrkjelyden sin identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod. Sitatet er henta frå kyrkjelyden sitt visjonsdokument for 2016-2019.**

Misjonsutvalet vil gjennom sitt arbeid, hjelpe kyrkjelyden med å nå dette målet. Hareid kyrkjelyd har avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) om kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand. Misjonsutvalet arbeider med å gje informasjon til kyrkjelyden om misjon generelt og om misjonsprosjektet spesielt. Dette også ved å samle inn pengar til misjonsprosjektet. For tida er det avtalte beløp på kr 40.000 i året. Midlane blir innsamla gjennom ulike arrangement, misjonsgudstenester, middag og misjon, trusopplæringa for born og unge bidreg på ulikt vis til inntekt for misjonsprosjektet.

## Aktivitetar i 2024:

### **Misjonsgudsteneste på Holesanden søndag 9. juni**

Bigset Skulekorps spelte, og det var stor stas. Bjørg Vartdal Hareide og Bente Liavåg hadde vore på ferietur, og besøkte då mellom anna misjonsprosjektet vårt i Bangkok i Thailand. Det var svært interessant å sjå dei informative bilda og lytte til informasjonen dei gav oss om prosjektet. Innsamla beløp på dette arrangementet **kr 13.284** (offer, lodd og sal av mat).

### **Middag og Misjon på kyrkjelydshuset søndag 17. november**

Miriam Mulelid frå NMS UNG snakka om prosjektet. Hareid Barnekantori song.

Vi prøvde ny meny fordi vi hadde så mykje hamburgerbrød og pølsebrød i frysaren etter Holesanden-gudstenesta. Tradisjonen har i mange år vore at misjonsutvalet har laga betasuppe til middag denne søndagen. Med Gunmar Grimstad som sjefskokk serverte vi thaimat som grillspyd, vårrullar, ris og salat. I tillegg selde vi hamburgarar og pølser. Varm takk til Eli Sølv Jørnsson, som hjelpte oss svært mykje denne dagen! Gunmar hadde laga til 79 vårrullar, 45 grillspyd, 20 pølser og 24 hamburgarar. Det viste seg at borna som var der, var meir interesserte i å kjøpe vårrullar enn pølser. Arrangementet var svært vellukka, og vi fekk inn følgande: Offer kr 5.897, middag & misjon kr 12.302. Tilsaman **kr 18.199**.

### **Andre bidrag til misjonsprosjektet:**

28.04.: Gudstenesteooffer + loddbok: kr 11.394

Mai: Loddbok: kr 7.564

17.11.: Sponsorløp med konfirmantane: kr 10.844.

17.11.: Gåve frå Barnekantoriet: kr 5.000

**Dette gjer at total sum innsamla av Misjonsutvalet til misjonsprosjektet i Thailand i 2024 vart på kr 66.285 som er sendt vidare til NMS.** Faste gjevarar direkte til misjonsprosjektet, er ikkje rekna med i denne summen.

Misjonsutvalet ønskjer å rette ein stor takk til alle som har bidrige med støtte til prosjektet i Thailand. Både faste gjevarar og til alle dei som har tatt lodd eller gitt andre pengegåver. Ei stor takk også til alle frivillige som hjelper oss å få arrangementa i stand.



**MIDDAG & MISJON:** Populært for elevane med eigenproduserte gevinstar under middag og misjon på kyrkjelydshuset i november kvart år. All inntekt går til misjonsprosjektet i Thailand. Foto: Hareid sokn

#### **DETTE BIDREG VI MED GJENNOM MISJONSPROSJEKTET VÅRT:**

- Immanuelkirkens daghjem, Bangkok
- Bydelssenteret Lovsangshjemmet, Bangkok
- Omsorg, mat, opplæring og utdanning for barn fra slummen i Bangkok
- Immanuelhjemmet i Phibun, nordøst i landet
- Stipendordninger

**To daghjem:** Immanuelkirken i Bangkok driver to daghjem, Immanuelkirkens daghjem som holder til i kirkens egne lokaler og bydelssenteret Lovsangshjemmet som ligger under en motorveibro like ved slumområdet. Her får barn fra slumområdet Klong Toey både omsorg, mat og opplæring. Det kreves betaling, men beløpet reguleres i forhold til foreldrenes inntekt. Flere barn får dermed nesten friplass.

**Internat og undervisning:** Immanuelhjemmet i Phibun i Nordøst-Thailand har et internat der barna kan bo mens de går på skolen, til de er ferdig med videregående. Det gis også ekstra undervisning dersom det er behov for det. I tillegg støttes mindre jordbruksprosjekter på de forskjellige skolene, som også lærer elevene å produsere matvarer.



**Stipender:** prosjektet omfatter en stipendordning for elever fra 7. klasse til videregående i Bangkok og Nordøst-Thailand. Ordningen gjør det mulig å fortsette på skole etter obligatorisk skolegang. Slik får barn fra fattige familier mulighet til å utdanne seg og få en bedre framtid.



**FRÅ BANGKOK:** Soknet samarbeider med NMS om gode tiltak i Thailand. Misjon er ein del av kyrkjelyden sin identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod. Foto: Bente Liavåg

Utvalet har hatt seks møter dette året.

**Medlemmer:**

Marit Øien Sæverud (leiar), Gunmar Grimstad og Odd Lykstad. Ei kortare periode var også Malin Thorup Høgstavoll med i utvalet.

*Marit Øien Sæverud  
-leiar i misjonsutvalet-*

# 9. Kyrkjemusikalsk arbeid

Kultur med kunst og musikk har til alle tider gitt form til kyrkja sitt bodskap og gjerne formidla det som ord ikkje har makta å forklare eller uttrykke. Kyrkjemusikalsk utval arbeider mellom anna med korarbeid i kyrkjelyden, samt planlegging og praktiske oppgåver i høve konsertar. Dette viktige kulturarbeidet i Hareid, tilfører stunder i kyrkja som inneheld musicalitet av god kvalitet og eit breitt mangfald. I tillegg er det også utleige av kyrkja til konsertar, som godkjennast av soknet.

## Aktivitet:

Utvælet har hatt 6 møter i 2024, og har teke del i planlegging av dei ulike arrangementa, praktiske arbeidsoppgåver, øvingar med ulike aktørar og på enkelte arrangement også delteke med musikalske innslag.

## Salmekveldar:

Det var planlagt 4 salmekveldar i 2024, og 3 av dei vart gjennomført. Den fjerde vart utsett frå november til januar 2025 grunna vedkomande som skulle ha verbalt innslag måtte melde avbod i november. Vi har hatt med eksterne aktørar, og det har vore ulike tema for salmekveldane. Vi er svært nøgde med godt frammøte på desse arrangementa.



**SALMEKVELD I FASTETIDA:** Hjørungavåg brass, song v/Gøril Daltveit, Turid Engen las tekstar og bøner i mellom innslaga. Foto: Hareid sokn

## Syng- og spel jula inn:

I år som i fjor hadde vi 2 konsertar med «Syng og spel jula inn». I år utfordra vi vi Arne Kåre Toppol å halde appell på begge konsertane. Han sette ein heilsvart idrettsdag i perspektiv opp mot kva mange opplever i ei verd med mykje krig og uro, mellom anna i Gaza og



Ukraina. Kollekt gjekk til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid mellom folk som er ramma av krig. Det var fullt hus på første og god plass på siste konserten.

**Kor, korps og solistar i gudstenesta:**

Kyrkjemusikalsk utval er svært takksam for alle dei som bidreg i gudstenestene med song og musikk gjennom heile året. Forsongargruppa har også vore svært aktiv dette året. Kantor Ida Teige set opp halvårsplanar for kva tid den enkelte skal ta del. Deltaking frå korps og kor gir det vesle ekstra til gudstenestene som alle set stor pris på.

**Arrangement i regi av utvalet gjennom året:**

**28.02. Salmekveld i fastetida.** Hjørungavåg brass, Gøril Daltveit, Turid Engen las tekstar og bøner i mellom innslaga.

**02.06. «TRESS-stemt klang med strøssel»**, Hareid Kammerkor, Leiv Arne Grimstad.

Vi oppfordra publikum og Hareid kammerkor til å sitte stemmevis i kyrkjebenkane.

Kammerkoret var til svært god hjelp som forsongarar under allsongane og det vart ei svært god songoppleveling. Kammerkoret hadde også eiga avdeling med eigne songar.

**19.09. «Over there»** salmekveld med fokus på amerikansk country og gospel musikk.

Medverkande: Evelyn Røren, Trude Børjesson Sørdal, Turid Engen, Sissel Anita Riise, Gollj & Gråstein, og eige band v/Ida Teige, David Brennan, Tord Aksnes, Karsten Robert Kirkebø + blåsarar frå Musikklaget Melshorn.



**BLÅSARAR «OVER THERE»:** Frå Musikklaget Melshorn under salmekvelden «Over there». Foto: Hareid sokn

**15.12 Syng og speler jula inn – to konsertar.**

Kyrkjemusikalsk utval held fram med å jobbe for stunder i kyrkja som inneholder musicalitet av god kvalitet og eit breitt mangfald. Kommunen er velsigna med talentfulle innbyggjarar som vi i utvalet med glede nyttar i våre gudstenester og andre arrangement. Kantor Ida Teige legg



til rette, og syr i hop arrangementa til det beste for alle. Vi håper på god aktivitet også i 2025, og vi ser fram til nye musikalske opplevelingar!

**Medlemmar i kyrkjemusikalsk utval:** Ingmar Mork, Ingvild Kirkebø, Bård Grimstad, Wenche Iren Roppen, frå soknerådet Karsten Robert Kirkebø (leiar), frå staben kantor Ida Teige.

Då utvalet i 2023 blei førespurt om kven som kunne tenkje seg å vere med vidare i ein ny 4-årsperiode (2023-2027), valte alle å fortsette. Dette vitnar om eit godt å givande frivillig arbeid for kyrkja og bygda vår.

*Karsten Robert Kirkebø  
-leiar kyrkjemusikalsk utval-*

## 9.1. Hareid Barnekantori

**Hareid Barnekantori er eit barnekor knytta til Hareid kyrkje, alder frå 3.-7. klasse..**



**BÅDE SONG OG SOSIALE ILAG:** Barnekantoriet på overnattingstur til Sollie. Leiarar er Sissel Anita Riise og Ida Teige. Foto: Hareid sokn

### Styret for koret 2024:

Styreleiar:	Halvard Grimstad
Nestleiar:	Andrea Øien Sæverud
Styremedlem:	Elisabeth Skeide Pedersen
Sekretær:	Vibeke Holstad
Kasserar:	Sissel Anita Riise
Dirigent:	Ida Teige og Sissel Anita Riise
Koret øver i Hareid kyrkje onsdagar kl.	15.45 - 17.15



**Dette har skjedd i tillegg til dei vanlege øvingane på onsdagar:**

- 11.02. Song på karnevalsgudsteneste i kyrkja  
03.03. Song på gudsteneste på Hjørungavåg bedehus  
12.03. Årsmøte for føresette  
23.03. Ekstraøving i kyrkja  
24.03. Deltok på palmesøndagsgudsteneste i kyrkja  
13.04. Deltok på kulturdag på kyrkjelydshuset  
24.04. Hadartun-konsert  
08.05. Avslutning  
20.-21.09. Overnattingstur, Solli i Snipsøyrdalen  
29.09. Song på gudsteneste på Bigset bedehus  
20.10. Song på fest på kyrkjelydshuset  
17.11. Song i kyrkja på barnas misjonsdag og på middag og misjon på kyrkjelydshuset  
19.11. Deltok på kyrkjeconserten til Melshorn  
28.11. Ekstraøving før julenatt i stallen  
29.11. Julenatt i stallen  
05.12. Ekstra-øving ilag med Tensing  
11.12. Juleverkstad med julekake-baking og graut  
13.12. Song på Lucia-arr på kyrkjegården  
15.12. Song på julekonsert i kyrkja  
24.12. Song på gudsteneste i kyrkja  
30.12. Song på familie-julefest på kyrkjelydshuset



**BARNEKANTORIET** er særskilt aktive og godt drevet av Sissel Anita Riise og Ida Teige. Her syng dei i kyrkja både med og uten korkapper. Foto: Hareid sokn

15 betalande medlemmer i 2024. Medlemskontingent kr. 300 pr. medlem.

Styret har hatt tre styremøter i 2024, i tillegg til kontakt på Facebook og Messenger.

for styret i Hareid barnekantori  
Vibeke Holstad

# 10. Undervisning og trusopplæring

**Undervisningsutvalet i soknet arbeider med tilrettelegging av undervisning for born og vaksne i soknet. Hovudsakleg er arbeidet konsentrert om trusopplæringstilbodet som vi har ein ferdig utbygd plan for, med tilbod til alle døypte mellom 0-18 år. Dette arbeidet har i mange år hatt stor oppslutning. Vi ser svingingar år om anna, og det er vel naturlege ting som vi må forholde oss til. Utfordringa er å følgje med i det som skjer elles i kommunen og spele på lag med ulike aktivitetar for å unngå kollisjonar. Vi justerer også tiltaka heile tida for å treffe dei ulike årskulla på best mogleg måte.**



**ULIKE TILBOD:** 22 ulike tiltak i planen gjennom året. Her ser vi 4-åringar som får prøve orgelet ilag med kantor Ida Teige. Og lystenning i høve 1-årsmarkering av dåpen v/Anvor Sukka. Foto: Hareid sokn

## 22 tiltak på planen

Undervisningsutvalet har hatt to møter i 2024. I tillegg til å ha ansvar for Lucia-feiring og Familiejulefest, har vi drøfta overgang til ny plan for kyrkjeleg undervisning og læring, med forkortinga KUL, og opprettning av Tween-klubb i krinsane. Det er første året at vi har hatt oppslutning under 50 % samla sett, for dei 22 tiltaka vi har tilbod om i Hareid sokn. Av dei 22 tiltaka hadde vi 5 tiltak med under 30 % oppslutning og 7 tiltak med over 50 % oppslutning. Dei øvrige låg stort sett mellom 30-40 % oppslutning.

## Fritidserklæring

Utvalet diskuterte og vedtok at Hareid kyrkje, ved kyrkjelydspedagogen, skulle signere Hareid kommune si fritidserklæring. Fritidserklæringen bygger på FN sin konvensjon om barn sine rettar. «Fritidserklæringen er en intensjonsavtale mellom regjeringen, Kommune-



sektorens organisasjon (KS) og frivillige organisasjoner, med mål om at alle barn, uavhengig av foreldrenes sosiale og økonomiske situasjon skal ha mulighet til å delta jevnlig i minst én organisert fritidsaktivitet sammen med andre barn». Hareid kommune si lokale fritidserklæring har invitert med følgande partar: Hareid kommune, Idrettsrådet, Hareid kulturlag, Hareid sokn og Ungdomsrådet.

### **Undervisningsutvalet sine arrangement**

13. desember arrangerte vi Luciafeiring. Dette var sjette året at Luciadagen blir markert på denne måten. Barnekantoriet leia Luciatoget frå kyrkjelydshuset til kyrkjegarden, med song, kvite kapper og lys. Karet Nesset Melø fortalte historia om Sankta Lucia. Stein Karstensen sørga for at bålpannene varma og lyste i mørket. På kyrkjetrappa stod Vibeke Rafteseth og Emily Victoria Bigset og delte ut lussekattar og gløgg.

Familiejulefest vart arrangert 30. desember. Rundt 100 personar kom, og fekk sjå og høre knøttekoret, barnekantoriet og trioen Ringstars opptre. Anne Brit Sukka Tiriwa held andakt og Kristin Husøy fekk heile salen med på ein songleik. Alle borna fekk eit lodd når dei kom. Medlemmane i utvalet delte ut saft og pepperkaker før det var allsong med tradisjonelle julesongar og gang rundt juletreet.



**Å HALDE PÅ TRADISJONAR:** Familiejulefest på kyrkjelydshuset 30. desember. Foto: Hareid sokn

Medlemmane i Undervisningsutvalet 2024 har vore Vibeke Rafteseth (leiar), Kristin Leirbekk Husøy, Elisabet Øvreliid, og Barbro Landmark (kyrkjelydspedagog).

Vibeke Rafteseth  
-leiar i undervisningsutvalet –



Alder	Tiltak	Deltagere prosent
		2024
0	Dåpssamtale-Saman på vegen	100
1	Den første song	34
2	Eg faldar mine hender små	46
3	Kjære Gud, eg har det godt	35
4	Heime i kyrkja	70
5	5 åringen i verda	54
6	Eg hører Jesus til.	66
7	Kong David og vi	53
8	Guds gåver - vår glede og vårt ansvar.	38
8	Tårnagent	54
9	Perler i kransen - leirliv er topp!	45
10	Gud kjem til oss i Bibelens forteljingar - 10 år vår	42
10	Misjon - Guds gåver, omsorg og nærvær for alle	32
11	I Guds omsorg og plan	36
11	Kode B - born av Guds regnbøge	33
12	Leir på Kjeldsund	33
13	Gled dykk, alltid!	0
15	Eg, Guds medarbeidar - Konfirmantundervisning	83
15	Konfirmert- kva so??	21
16	Når eg så skal ut i verda, 16 år- kva no?	3
17	På eiga hand - men aldri åleine.	21
18	Min draum-mitt liv. 18 år	26
	<b>Totalsum</b>	<b>44</b>





## Saman på vegen - med rett til å verte sett og verdsett





# 11. Hareid frivilligsentral

## Mål/intensjon med Frivilligsentralen

Sentralen skal i hovedsak bidra til å skape gode møteplasser, og være en samhandlingsarena for frivillighet i lokalmiljøet. Vi kan samordne den frivillige innsatsen som både privatpersoner og frivillige organisasjoner i Hareid utfører, og dermed styrke og fremme det frivillige arbeidet. I tillegg skal sentralen være et kontaktsenter for alle som ønsker å delta i frivillig virksomhet, uansett alder, kjønn, økonomisk status eller etnisk tilhørighet. Sentralen arbeider for å være åpen og inkluderende.



**POPULÆRT MED KARAKVELD:** Kvar onsdag kveld møtes karar på aktivitetsrommet til frivilligsentralen på kyrkjelydshuset for sosialt samver og enkel servering som dei ordnar til sjølv på turnus. Foto: Hareid sokn

Det er viktig for oss å legge til rette for at de som tar eget initiativ til en frivillig aktivitet, skal få drive med det. Frivillighet må være preget av lyst – og på de frivilliges premisser. For sentralen er det viktig å kunne samarbeide med ulike lag/organisasjoner, skole, institusjoner etc. Dette for å kunne bidra til best mulig aktivitet og legge til rette for ulike og gode møteplasser. Med dette kan vi forebygge ensomhet og sykdom.

Lokalene til Frivilligsentralen er åpen og tilgjengelig for gratis utlån til frivillige lag og organisasjoner og er flittig brukt. Det er mye god og variert aktivitet på sentralen. I tillegg til faste aktiviteter har daglig leder på Frivilligsentralen et «åpent» kontor. I løpet av året er det svært mange samtaler, spørsmål og praktisk hjelp som blir gitt, uten at det er mulig å tallfeste dette. Faste aktiviteter har i år vært gjennomført som vanlig. Det har også vært en del mer arbeid med matkasseprosjektet vårt. Både med å få inn midler til å dekke kostnaden og gjennomføringen av prosjektet. Flere frivillige, har også bidratt, både med forberedelser, julegavelaging, praktisk hjelp og gjennomføring.

Det er kommunen som er ansvarlig for å søke KUD om midler til drift av sentralen og å rapportere om driften. Nytt fra i år er at kommunen også har overtatt hele det økonomiske ansvaret for driften av sentralen. Daglig leder har ansvar for hvert år å sende en fyldig årsmelding til kommunen, som kan brukes til rapporten. Midlene fra KUD skal overføres direkte og i sin helhet til de som eier og driver en Frivilligsentral- her Hareid Sokn.

Antall aktive frivillige som er knyttet til sentralen sine faste aktiviteter ligger nå på i overkant av 90 personer. Da er ikke natteravnene og alle som var frivillige i forbindelse med matkasseprosjektet vårt til jul, regnet med.



**FRIVILLIGE ER LIMET I LOKALSAMFUNNET:** Oppe frå venstre: 1) Gode klemmar på Lionscafe på Hadartun. 2) Måltid på Hobbyklubben. 3) Sal av varer frå tralla på Hadartun. Foto: Hareid sokn



## 11.1. Oppgaver

- Organisere og legge til rette for frivillig arbeid.
- Sette opp/ følge opp turnus for de frivillige som arbeider til faste tider.
- Organisere og driftet Bruktbutikken.
- Arrangere Hobbyklubb på sentralen to ganger i uken, dag og kveld (åpen for alle)
- Holde medarbeidermøter for de frivillige på Brukt og Billigbutikken.
- Samarbeide med FAU om organiseringen Natteravnene Hareid. Rapportere til TRYG Forsikring.
- Oppdragsgiver for Friomsorgen- kriminalomsorgen i Ålesund
- Oppdragsgiver for NAV
- Legge til rette og gjennomføre arrangement for «Den kulturelle spaserstokk» Kommunen søker på midlene og sentralen arrangerer konserter etc.
- Daglig leder i sentralen er fast medlem av Diakoniutvalget i Hareid Sokn. Delta på de arrangement som Diakoniutvalget står for.
- Tett samarbeid med Hareid Kommune/ kultur, Biblioteket, Ressurssenteret.
- Administrator for Facebook- sidene: Hareid Frivilligsentral, Brukt og Billig butikken og Handel i Hareid.
- Medlem i nettverk for Søre Sunnmøre Frivilligsentraler. 3 møter i 2024.
- Delta på aktuelle kurs.
- Samarbeid med kommunen, Sjukeheimen, Dagsenteret, Rus og psykiatri, folkehelsekoordinator og pårørendegrupper.
- Samarbeid med ulike lag og organisasjoner, som Sanitetsforening, Pensjonistlaget, Hareid Idrettslag, Lions, HLF, Eldrerådet, Autismeforeningen i Hareid, Revmatikerlaget , Fibromalgi forbundet og Søre Sunnmøre tamilske kulturforening mfl.

## 11.2. Aktiviteter

Aktivitetene er bygd opp etter flere års erfaring og endrer seg etter hva og hvordan de frivillige ønsker å bidra. Her kan nevnes: Hobbyklubb 2 ganger i uka, karaveld, kaffe og bålkos på Rotarystien, besøkstjeneste på Hadartun, besøksvenner både på institusjon og hjemme, frivillige som hjelper til på dagsenteret, salg av varer på Hadartun, drift av Brukt & Billig-butikken, natteravn, åremålsbesøk, hørselshjelp, dialog med FAU v/ungdomsskolen, utdeling av matkaser og julegaver til jul, årlig utdeling av frivilligpris, konserter/forestillinger på Hadartun omsorgssenter, lørdagskafé med Ulstein og Hareid Lions, og gratis utlån av møtelokale til frivillige lag og organisasjoner. Lokala er i jevn bruk, og her er mye god aktivitet og gode møteplasser med ulikt innhold.

I tillegg til faste aktiviteter er Frivilligsentralen et «åpent» kontor. I løpet av året er det svært mange samtaler, spørsmål og praktisk hjelp som vert gitt, uten at det er mulig å talfeste dette.

Alle frivillige gjør et arbeid for fellesskapen som det står stor respekt av, og vi er svært takknemlige for innsatsen som de frivillige bidrar med for å skape et godt lokalsamfunn. Vi er også takknemlige for et fellesskap preget av likeverd, deltagelse og respekt for mangfold!





**BABYSONG:** Babysongen flyttast 1-2 gongar i året frå kyrkja til Hadartun. Då får dei eldre vere med i songen og dei får sjå mødre/fedre med sine babyer i aktivitet og song. Sosialt og til felles glede.

Foto: Hareid sokn

Eier av Frivilligsentralen: Hareid Sokn.

Heidi Pedersen Kvalsvik har vært tilsett som daglig leder i 100% stilling.

**Styret for 2024 har vært sammensatt slik:**

**Fra Soknet:**

Marita Husøy Mork. Vara: Grete Røyset Bakken .

Bjørg Vartdal Hareide. Vara: Ragnhild Strømmegjerde

Øyvind Grimstad Gryt. Vara: Bjarte Sunde

**Fra Brukt og Billig butikken:**

Liv Berit Sæter Flø. Vara: Torunn Haugen.

**Fra frivillige lag og organisasjoner, i år representert ved Ulstein og Hareid Lions:**

Kjartan Kvalsvik. Vara: Bjarne Sukka

Marita Husøy Mork har vært styreleder.

Daglig leder har vært sekretær for styret.

Det har vært 3 styremøter, og det har blitt behandlet 8 saker.

Vi arrangerer Frivilligfest annen hvert år. Dette året var festen på Ishavsmuseet i Brandal.

*Heidi Pedersen Kvalsvik  
-leder Hareid Frivilligsentral-*



## 12. Kyrkjelydshuset

**Bruken av huset gjeld både faste leigetakarar som fleire ulike kor, Hareid KFUK/M sine aktivitetar som speiarane, bibelgruppe 3B og Ten Sing med band. Og variabelt utleige som selskap, minnesamver, konsertar, korkafeear, møteverksemd med meir, og ikkje minst eige intern bruk. Frivilligsentralen har sitt aktivitetsrom som er aktivt i bruk gjennom heile veka. Alt i alt gir huset godt høve til å skape møteplassar i bygda.**

Kyrkjelydshuset med kyrkjekontor ligg nær kyrkja og sentralt i enden av miljøgata, alt i alt ei god plassering til det aktive, omfattande og førebyggande arbeid som soknet gjer i lokalsamfunnet. Med eit kyrkjelydshus som eit fleirbrukshus, er vi med å skaper treffpunkt og møteplassar opne for alle – noko som bidreg til å skape eit meir levande sentrum. Ein stor del av arbeidet til soknet har base på kyrkjelydshuset, ofte i kombinasjon med kyrkja. Med kyrkjelydshuset kan vi samle fleire aktivitetar under same tak, og vi har allereie utvida og invitert til nye. Det er ei sann glede å ha både kyrkjekontor og kyrkjelydshus under same tak.



**KYRKJELYDSHUSET I HAREID:** Gjennom veka er det mykje ulik aktivitet på huset. Foto: Hareid sokn

### Oppgradering av huset – nødvendig for å stette dagens krav

For at eit eldre bygg skal stette dagens krav som eit offentleg forsamlingshus, har det vore heilt nødvendig med ein del oppgradering. Ikkje minst for at huset skulle bli anvendeleg til ulike bruksformål, både for eige bruk og for utleige av huset.

### Nytt tiltak i 2024 - Knøttekoret

Det er ei sann glede å både sjå og oppleve alt som skjer på kyrkjelydshuset, alle dei ulike aktivitetane og treffpunktene som skapast av folk - og for folk i vårt lokalsamfunn. Eit nytt tiltak i 2024 er Knøttekoret som er for barn frå 4 år, som møtast annankvar tysdag ettermiddag i 45 minuttar på kyrkjelydshuset til song og leik. Godt oppmøte og tydelegvis eit tilbod som slo an. Kyrkjelydshuset er ein møteplass og eit brukshus ope for alle!



### **Nokre av tiltaka på huset:**

- Frivilligcentralen sitt aktivitetsrom er i bruk heile veka med mange ulike tilbod
- Undervisningstiltak i trusopplæringa 0-18 år gjennom heile året
- Tweens: Både i krinsane og på kyrkjelydshuset, ettermiddagstilbod for ungdom annankvar veke
- Tombola-kafe ute i bakhagen, sporadisk tiltak etter verforholda
- Superlaurdagar: Tilbod for barnefamiliar ein gong per månad, samlingsstund, måltid, historie og song
- Babysong (kyrkjelydshus eller kyrkja)
- Knøttekoret annankvar tysdag ettermiddag (frå 4 år)
- Torsdagstrekk ala Sjømannskyrkja annakvar veke på formiddagen, vaflar & kaffi, andakt, fellessong

### **Utleige:**

- Hareid KFUK/M v/speidarane som har eige aktivitetsrom
- Hareid KFUK/M v/Ten Sing og band har eige bandrom
- Hareid KFUK/M 3B-bibelgruppe
- Korøvingar vaksenkor
- Hafest-konsert 1 gong i månaden
- Minnesamver etter gravferd
- Konserter og korkafeear
- Selskap og arrangement
- Møteverksemd



**FEST I HAREIDSSTEMNEVEKA 2024:** For andre året på rad arrangerte vi fest på kyrkjelydshuset i Hareidsstemneveka. Sparebanken Møre er ein viktig støttespelar i lag med frivillige faste gjevarar til kyrkjelydshuset, utan støtte kan vi ikkje utvikle huset på den måten vi gjer. Foto: Hareid sokn



## 12.1. Renoveringsprosjekt

Vi må fortløpende jobbe for å vidareutvikle og oppgradere huset for at det skal vere attraktivt for leigetakarar og anvendeleg til formåla med huset. Dette gjerast i takt med inntekter til huset og tilgjengelege midlar. Mykje av renoveringa er det frivillige som bidreg med, og utan frivillig engasjement hadde vi ikkje vore der vi er i dag.

**Ei lita oppsummering over renoveringa dei siste åra, og vi har planar vidare:**

- Våren 2022 blei det skifta golv på dugnad i begge salane i 2. etg. og sommaren 2022 blei det satt opp ny lyttett foldevegg mellom salane i 2. etg. Dette gjer at salane eventuelt kan brukast samtidig om ønskjeleg.
- Seinhausten 2022 blei ytterlegare renovering gjennomført i høve tilbygg kyrkjekontor. Då fekk heile huset brannalarmsystem og brannsikring som inkluderer skifte av dører og eindel vinduer, noko som medførte nytt låsesystem (ytre skalsikring). Snøvfangarar blei montert på alle tak. Inngangspartiet fekk eit løft med ny inngangsdør, spilevegger, varmovnar og nytt tak og belysning med sensor i gang inngangsparti.
- Taket i storsalen blei isolert seinhausten 2022 (blåseisolert med 30 cm). Hausten 2023 blei golvet i lisjesalen 1. etg. skifta (gåve frå privat givar). Og det blei bygd tak over inngangspartiet til aktivitetsrommet frivilligsentralen, som sikringstiltak for snøv og is frå hovudtaket.
- Toalett (dame) har blitt renoverert litt med nytt golvbelegg, ny vask og veggmontert stellebord. Fjerna urinal og i staden satt inn utslagsvask og fått montert varmtvasstank. Arbeidet blei gjort av innleid fagkompetanse i 2024.
- Teknisk utstyr: Det er WiFi på heile huset. Med støtte frå Sparebanken Møre fekk storsalen i 2. etg. nytt mobilt teknisk lyd og bildeanlegg, mikrofonar, videocanon og takfestet lerret. PA-anlegget er eit lydanlegg til formidling av musikk eller tale til ei større forsamling. Salane har også fått lysskjerming for vindua.
- Scenelys er i ferd med å kome på plass (midlar frå privat givar). På scena står eit nytt Steinway flygel (HAFEST samla inn midlar til dette), og i sidesal 2. etg. eit mindre eldre flygel og salen har monitor (m/chromecast) for tilkopling pc.
- Oppvaskmaskinen og ventilator på kjøkkenet rauk samtidig og vi måtte hastebestille inn nytt, elles kunne vi ikkje leige ut huset til selskap, minnesamvær, osv. Midlar til dette blei delvis innsamla frå frivillige via digital «SPLEIS» på Facebook i 2024. Vi takkar alle som bidrog slik at vi kunne fortsette utleige av huset med nødvendig utstyr på storkjøkkenet!



## 12.2. Takk til alle bidragsytarar kyrkjelydshuset!

**Vi ønskjer å rette ein takk til dei som støtter kyrkjelydshuset, enten i form av pengegåver, givarteneste, bruk og leige av huset, frivillige medhjelparar eller andre bidragsytarar som hjelper oss på ulikt vis. Vi håper du vil vere med oss vidare!**

Med innsamla midlar frå frivillige gjevarar og leigeinntekter, kan vi vidareutvikle huset etter kvart som vi kan sjå oss råd til dette. Med gode møteplassar, er du med på å bidra til at vi får ein betre plass å leve, vekse og bu!

Vi får mykje ros for arbeidet som gjerast og for at huset er i bruk gjennom heile året. Hareid sokn er ein viktig, lokal samfunnsbyggjar, og eit kyrkjelydshus som eit fleirbrukshus vert eit treffpunkt og ein møteplass open for alle – og vil bidra til å skape eit meir levande sentrum.




**SAMAN KAN VI BIDRA TIL AT GODE TING SKJER:** Takk til alle bidragsytarar! Foto: Hareid sokn



## 12.3. Givarteneste til kyrkjelydshuset

For å kunne drifta eit kyrkjelydshus til glede for folk og fellesskap i bygda, må vi sjølvsgåt ha inntekter. Ein del av dette får vi gjennom utleige av huset, og i tillegg iverksett vi ulike aktivitetar gjennom året som gir inntekter til huset, som lodd/tombola og matsal på ulike arrangement, loddbøker, og «Min favoritt»-konsert er ein viktig og stor inntektspost. I tillegg får vi ein del gjennom dei frivillige som er med på givarteneste, vi tek gjerne imot fleire støttespelarar. Det er og ein stor og viktig verdi i alt frivillig arbeid som gjerast. Vi takkar alle gode hjelparar!

Huset driv seg ikkje sjølv, vi treng innsats frå kyrkjelyden ilag med stab og sokneråd. Gjevartenesta gir viktige tiltrengde midlar til huset. Desse midlane er øyremerka kyrkjelydshuset. Nokre gir månadlege beløp og andre gir større eingongsbeløp. I 2024 hadde vi 26 gjevarar som tilsaman gav kr 96.000. Vi takkar så mykje for gåvene!



**FIN MØTEPLESS PÅ KYRKJELYDSHUSET:** Kaffi og vaflar ala Sjømannskyrkja. Foto: Hareid sokn

12.4. Korleis bli fast givar?

For å bli fast givar må du opprette fast trekk i din nettbank,  
til vårt bankkonto-nummer er 3910.61.74494.

Årleg gâve over kr 500 gir rett til skattefrådrag, då treng vi ditt fødselsnummer.

Midlane blir øyremerka kyrkjelydshuset.

Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret, så hjelper vi deg.

**Vi er takksam for alle gåver til kyrkjelydshuset:**

**VIPPS 525936**

**Bankkontonr: 3910.61.74494**

**Ta gjerne kontakt med oss:**

**Telefon 70095130**

**Epost: kyrkjekontoret@hareid.kommune.no**



Både vaksne, barn og unge har glede av å kunne bruke kyrkjelydshuset, her ser vi nokre konfirmantar som lager pizza-snurrer til arrangement. Foto: Hareid sokn



## 12.5. Førebels økonomisk oversikt kyrkjelydshuset 2024

Hareid sokn eig kyrkjelydshuset og er ansvarleg for drift og vedlikehald av huset, medan Hareid kommune betener lånet for det nybygde kyrkjekontoret.

Førebelse tal då rekneskapet for 2024 ikkje er ferdig enno:

Brutto inntekter 2024 (herav givarteneste kr 96.000)	kr 742.643
<u>Brutto utgifter 2024:</u>	kr -500.285
<b><u>Resultat 2024 (avsetnad til bundne fond kyrkjelydshus)</u></b>	<b>kr 242.358</b>

### Kommentar mindreforbruk:

- Vakanse i stilling 2024 utgjorde mindre lønskostnader kr 112.000
- Budsjettert avsetning på fond som utgjekk kr 63.000
- Ulike postar, differanse mellom budsjett og rekneskap kr 67.000

Kyrkjelydshuset er eit godt reiskap for å tene arbeidet i soknet. Det er vesentleg at vi har god økonomi for drift og fortløpende oppgradering av huset. Oppgradering styrast ut frå driftsinntekter, og ikkje minst frå gåver og gjevarteneste som måtte kome inn frå kyrkjelyden. På denne måten utviklar vi huset og held kontroll på økonomien. Vi har eit ynskje om at fleire kan stille seg bak gjevartenesta til kyrkjelydshuset slik at vi kan trygge økonomien og utviklinga av huset.

### DRAUMEN VIDARE:

- Nye veggar, tak, belysning og teknisk utstyr i lisjesalen 1. etg. (planlagt våren 2025)
- Nye stolar og bord i salane *på huset*
- Isolering av ytterveggar i storsalen 2. etg.
- Nye vinduer og led-belysning i taket på kjøkenet



**JULEAKTIVITETAR:** Frå julemarknadsgata 2024, då vi hadde ulike tilbod inne på kyrkjelydshuset i samspel med aktivitetane ute i julegata. Foto: Hareid sokn



# 13. Økonomi: Førebels rekneskap og budsjett

Førebels økonomisk oversikt drift		(rekneskapet er ikke ferdig)			
<b>Hareid Sokn 2024</b>		Rekneskap 2024	Regulert budsjett 2024	Opprinnelig budsjett 2024	Rekneskap 2023
Regnskapsskjema - Driftsregnskapet					
<b>Inntekter</b>					
1 Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	-1 123 140	-1 098 000	-1 098 000	-1 429 053	
2 Salg av driftsmidler/fast eiendom	0	0	0	0	
3 Refusjoner/overføringer	-1 127 479	-916 000	-916 000	-1 098 129	
4 Kalk. inntekt ved komm. tj.yttingsavtale	-290 802	-290 802	-300 272	-290 802	
5 Statlige tilskudd	-754 000	-754 000	-720 000	-711 000	
6 Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	0	0	0	0	
7 Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	-4 185 000	-4 114 198	-4 114 198	-3 963 004	
8 Tilskudd fra soknets organer	0	0	0	0	
9 Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	-946 776	-645 598	-645 598	-1 130 623	
<b>10 Sum driftsinntekter</b>	<b>-8 427 197</b>	<b>-7 818 598</b>	<b>-7 794 068</b>	<b>-8 622 612</b>	
<b>Utgifter</b>					
11 Lønn og sosiale utgifter	4 961 140	5 334 139	5 493 139	5 030 113	
12 Kjøp av varer og tjenester	2 244 808	2 199 433	1 704 663	1 967 159	
13 Refusjoner/overføringer	482 820	436 000	436 000	452 650	
14 Kalk. utg. ved komm. tj.yttingsavtale	290 802	290 802	300 272	290 802	
15 Tilskudd og gaver	373 013	300 000	300 000	376 013	
<b>16 Sum driftsutgifter:</b>	<b>8 352 585</b>	<b>8 560 374</b>	<b>8 234 074</b>	<b>8 116 737</b>	
<b>17 Brutto driftsresultat:</b>	<b>-74 612</b>	<b>741 776</b>	<b>440 006</b>	<b>-505 875</b>	
18 Renteinntekter og utbytte	-175 746	-66 446	0	-125 781	
19 Mottatte avdrag på utlån	0	0	0	0	
20 Renteutgifter og låneomkostn.	190	2 000	2 000	278	
21 Avdrag på lån	0	25 000	25 000	12 500	
22 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0	0	0	0	
<b>23 Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>-175 556</b>	<b>-39 446</b>	<b>27 000</b>	<b>-113 003</b>	
24 Avskrivninger	101 639	49 554	49 554	101 639	
25 Motpost avskrivninger	-101 639	-49 554	-116 000	-101 639	
<b>26 Netto driftsresultat</b>	<b>-250 168</b>	<b>702 330</b>	<b>467 006</b>	<b>-618 878</b>	
<b>Interne finansieringstransaksjoner:</b>					
27 Bruk av udisponert fra tidl. år	-162 087	0	0	-85 015	
28 Bruk av disposisjonsfond	-326 259	-785 954	0	0	
29 Bruk av bundne fond	-250 523	-20 000	-504 184	-534 588	
<b>30 Sum bruk av avsetninger</b>	<b>-738 869</b>	<b>-805 954</b>	<b>-504 184</b>	<b>-619 603</b>	
31 Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	0	0	0	0	
32 Avsatt til disposisjonsfond (mindreforbruk) frå 2023	162 087	0	0	85 015	
33 Avsatt til bundne fond	506 480	63 624	63 624	972 817	
34 Overført til investeringsregnskapet	20 272	40 000	40 000	18 561	
<b>35 Sum avsetninger</b>	<b>688 839</b>	<b>103 624</b>	<b>103 624</b>	<b>1 076 393</b>	
<b>36 MINDREFORBRUK</b>	<b>-300 199</b>	<b>0</b>	<b>66 446</b>	<b>-162 087</b>	
<b>Kommentarar til mindreforbruket 2024:</b>					
Tala viser førebels rekneskap 2024, då endeleg rekneskap ikkje er ferdig.					
Renteinntekter: Differanse mellom budsjett og rekneskap		kr -109.300			
Tilbakeføring frå fond BB til drift soknet, grunna feilbelastning soknet i høve renovering kyrkjelydshuset, ref vedtak SR 22/24. Blei rekneskapsført som inntekt i 2024:		kr -192.120			
Sum		kr -301.420			



## Førebels balanserekneskap (rekneskapet er ikkje ferdig)

### Hareid sokn 2024

BALANSE	Regnskap 2024	Regnskap 2023
<b>EIENDELER:</b>		
<b>A - Anleggsmidler</b>		
Faste eiendommer og anlegg	1 100 874	1 202 513
Ustyr, maskiner og transportmidler	4	4
Utlån	0	0
Aksjer og andeler	248 586	228 314
<b>B - Omløpsmidler</b>		
Kortsiktige fordringer	505 909	472 927
Aksjer og andeler	0	0
Sertifikater	0	0
Obligasjoner	0	0
Kasse, bankinnskudd	3 914 461	3 833 325
<b>C - SUM EIENDELER:</b>	<b>5 769 834</b>	<b>5 737 083</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD:</b>		
<b>D - Egenkapital</b>		
Dispositionsfond Hareid sokn	650 444	814 616
Bundne driftsfond	2 339 688	2 083 732
Ubundne investeringsfond	0	0
Bundne investeringsfond	0	0
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0	0
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0	0
Regnskapsmessig mindreforbruk 2024	300 199	162 087
Regnskapsmessig merforbruk	0	0
Udisponert i investeringsregnskapet	0	0
Udekket i investeringsregnskapet	0	0
Kapitalkonto	1 349 464	1 430 831
<b>Gjeld</b>		
<b>E - Langsiktig gjeld</b>		
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	0	0
<b>F - Kortsiktig gjeld</b>		
Kassekredittlånt	0	0
Annен kortsiktig gjeld	1 130 039	1 245 817
<b>G - SUM EGENKAPITAL OG GJELD:</b>	<b>5 769 834</b>	<b>5 737 083</b>
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	0	0
Andre memoriakonti	0	0
Motkonto for memoriakontiene	0	0

Økonomi: Førebels rekneskap og budsjett



Førebels økonomiske oversikter 1 A (rekneskapet er ikke ferdig)

	Rekneskap 2024	Reg. budsjett 2024	Oppr.budsjett 2024	Regnskap 2023
<b>Bevilgningsoversikt - drift (regnskap) 1A</b>				
1 Rammetilskudd	-4 185 000	-4 114 198	-4 114 198	-3 963 004
2 Tilskot gaver frå andre	-563 305	-390 598	-390 598	-748 823
3 Gaver insamla til eige virke	-77 558	-55 000	-55 000	-83 787
4 Andre generelle driftsinntekter	-1 361 850	-1 234 000	-1 200 000	-1 268 790
Kakulatoriske inntekter ved kommunal tenesteyting	-290 802	-290 802	-300 272	-290 802
<b>5 Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-6 478 515</b>	<b>-6 084 598</b>	<b>-6 060 068</b>	<b>-6 355 206</b>
<b>6 Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>6 403 902</b>	<b>6 826 374</b>	<b>6 433 628</b>	<b>5 849 332</b>
7 Avskrivninger	101 639	49 554	49 554	101 639
<b>8 Sum netto driftsutgifter</b>	<b>6 505 541</b>	<b>6 875 928</b>	<b>6 483 182</b>	<b>5 950 971</b>
<b>9 Brutto driftsresultat</b>	<b>27 026</b>	<b>791 330</b>	<b>423 114</b>	<b>-404 235</b>
10 Renteinntekter	-175 746	-66 446	0	-125 781
11 Utbytter	0	0	0	0
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0
13 Renteutgifter	190	2 000	2 000	278
14 Avdrag på lån	0	25 000	25 000	12 500
<b>15 Netto finansutgifter</b>	<b>-175 556</b>	<b>-39 446</b>	<b>27 000</b>	<b>-113 003</b>
16 Motpost avskrivninger	-101 639	-49 554	-116 000	-101 639
<b>17 Netto driftsresultat</b>	<b>-250 169</b>	<b>702 330</b>	<b>334 114</b>	<b>-618 877</b>
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
18 Overføring til investering	20 272	40 000	40 000	18 561
19 Avsetninger til bundne driftsfond	506 480	63 624	63 624	972 817
20 Bruk av bundne driftsfond	-250 523	-20 000	-504 184	-534 588
21 Avsetninger til disposisjonsfond	162 087	162 087	0	85 015
22 Bruk av disposisjonsfond	-326 259	-785 954	0	0
23 Bruk av tidligere års udisponert mindreforbruk	-162 087	-162 087	0	-85 015
<b>24 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>-50 030</b>	<b>-702 330</b>	<b>-400 560</b>	<b>456 790</b>
<b>25 Mindreforbruk</b>	<b>-300 199</b>	<b>0</b>	<b>-66 446</b>	<b>-162 087</b>



## Førerels regnskapsskjema 1B - Driftsregnskapet (rekneskapet er ikke ferdig)

Regulert

### Vedlegg til 1A

Netto driftsutgifter pr Ansvar

Regnskap 2024 budsjett 2024 Regnskap 2023

KYRKJELAG ADMINISTRASJON	1 798 964	1 874 523	1 670 277
KYRKJA	1 830 360	1 914 267	1 404 191
KYRKJEGARD	428 568	552 412	403 844
KYRKJELAG UNDERVISNING	775 423	853 466	761 083
TRUSOPPLÆRING	443 770	338 818	497 151
KYRKJEMUSIKALSK ARBEID	35 550	89 468	55 309
UNGDOMSARBEIDAR	38 126	70 598	0
HAREID FRIVILLIGSENTRAL	1 090 232	860 000	983 872
BRUKTBUTIKKEN	-106 644	0	-48 396
KYRKJELYDSHUS	69 553	272 822	122 001
<b>Netto for Ansvar</b>	<b>6 403 902</b>	<b>6 826 374</b>	<b>5 849 332</b>



«Meir himmel på jord»: Illustrasjon: kyrkjeverje Bente Andreassen Pilskog

Økonomi: Førerels regnskap og budsjett



Meir himmel på jorda

DEN NORSKE KYRKJA  
Hareid kyrkjelyd

# 14. Kommunikasjon & kontakt

Hareid sokn sitt arbeid er ein viktig del av tilbodet for innbyggjarane i Hareid kommune. Vi ønskjer å gjere kyrkja synleg på ein god og verdig måte, og nå ut i ulike kanalar med informasjon om våre arrangement og vårt samfunnsnyttige arbeid. Vi har eit god samarbeid med Hareid kommune og ordførar er kommunen sin representant i Hareid kyrkjelege fellesråd. Dette er med på å verdsætte kyrkja sitt arbeid og gjev oss viktig kontakt. Gjennom ein samarbeidsavtale med kommunen får Hareid sokn føreseielege rammer for arbeidet og det er viktig med god dialog for eit godt samarbeidsklima. Gjennom tenesteytingsavtalen får soknet levert rekneskapstenester, lønsutbetaling og tilknytt personaladministrative rutinar for dei tilsette, porto, IKT, reinhald og tenester knytt til gravearbeid på kyrkjegarden i høve ferietid/sjukdom. Ein tilleggsavtale er oppretta for teknisk assistanse på kyrkjekontoret/kyrkjelydshuset.

## 14.1. Kyrkjesida i lokalavisa

Annankvar veke leverer Hareid sokn materiale til "Kyrkjesida" i lokalavisa Vikebladet Vestposten, der ein når fram til mange husstandar. Dette er eit samarbeid med lokalavisa og med Ulstein sokn som også leverer annankvar veke, ei ordning for å informere om aktivitetane i kyrkjelyden. Vi sender også redaksjonelt stoff til lokalavisa, samt annonser ved høve.




**STABEN I HAREID SOKN:** Frå høgre bak: Anton Tonev (kyrkjetenar/gardsarbeidar), Heidi-Beate Siring Grimstad (inntil 80 % kyrkjelydspedagog), Barbro Landmark (leiande kyrkjelydspedagog), Heidi Pedersen Kvalsvik (leiari Hareid Frivilligsentral), Annette Knudsen (50 % kontormedarbeidar), Foran frå høgre: Lars Hartig-Tangedal (sokneprest), Ida Teige (kantor) og Bente Andreassen Pilskog (kyrkjeverje). Foto: Hareid sokn



## 14.2. Heimeside og sosiale media

Her kan du lese om våre aktiviteter, melde inn dåp, finne generell informasjon og lese nyhende. Å følgje med i tida og vere synleg på sosiale media er viktig for å formidle dei ulike ting som skjer. Samstundes lagast det informasjonshefter og invitasjonar som sendast i brevsform eller epost. Vi har også eiga Facebookside (Hareid kyrkje), det same har Frivilligsentralen vår (Hareid Frivilligsentral) og bruktbukten (Gjenbruk – Brukt & Billig). Hareid kyrkje er også på Instagram (Hareid kyrkje) for å nå endå fleire av dei yngre.



**SYMBOL:** Grafisk dekorelement med meiningsinnhald. Den norske kyrkja sitt nye mønster er eit dekorelement som bidreg til gjenkjennung og identitet. Illustrasjon: Den norske kyrkja

### Kontaktinformasjon:

Hareid sokn

Bedehusgata 17, postboks 48, 6069 Hareid

Tlf. 700 95130

Epost: [kyrkjekontoret@hareid.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@hareid.kommune.no)

Heimeside: [hareid.kyrkja.no](http://hareid.kyrkja.no) - Facebook: Hareid kyrkje - Instagram: Hareid kyrkje